# 4622-19/949/0/0

## Offentlig transport

Kleiven — Linje 925, 930 — 2 min (gange), 0.2 km

Trengereid stasjon — Linje R40 — 25 min (bil), 27.9 km

Bergen Flesland — 1 t 2 min (bil)

## Skoler

| | | |
|---|---|---|
| Norheimsund skule (1-7 kl.) | 277 elever, 16 klasser | 14 min, 16.5 km |
| Norheimsund friskule (1-10 kl.) | 60 elever, 5 klasser | 19 min, 20 km |
| Øystese skule (1-7 kl.) | 253 elever, 15 klasser | 22 min, 22 km |
| Kvam ungdomsskule (8-10 kl.) | 251 elever, 18 klasser | 23 min, 22.2 km |
| Kvam vgs. avd Norheimsund | 200 elever, 16 klasser | 11 min, 14.1 km |
| Framnes kristne vgs. | 260 elever, 9 klasser | 18 min, 19.7 km |

## Aldersfordeling barn (0-18 år)




## Aldersfordeling




| Område | Personer | Husholdninger |
|---|---|---|
| Grunnkrets: Øvre Steinsda... | 218 | 101 |
| Kommune: Kvam | 8 497 | 4 271 |
| Norge | 5 425 412 | 2 654 586 |

## Barnehager

| | | |
|---|---|---|
| Dråpeslottet barnehage (0-5 år) | 53 barn | 13 min, 15 km |
| Sandven Fus barnehage (1-5 år) | 83 barn | 14 min, 15.7 km |
| Norheimsund barnehage (1-5 år) | 94 barn | 14 min, 16 km |

## Dagligvare

| | |
|---|---|
| Snarkjøp Kvamskogen Landhandleri | 3 min |
| Snarkjøp Tysse Landhandleri As | 13 min |

## Sport

| | | |
|---|---|---|
| Hagabotnane idrettsanlegg | Fotball, friidrett | 11 min, 13.3 km |
| Samnanger ungdomsskule | Aktivitetshall, ballspill | 13 min, 14 km |
| Hardanger Treningssenter | | 14 min |
| Hardangerbadet | | 22 min |

FINN

Innholdet i nabolagsprofilen er hentet fra ulike datakilder, og feil eller mangler kan forekomme. Vurderinger og sitater er innhentet på web og gir uttrykk for hvordan naboene vurderer nabolaget. FINN.no AS kan ikke holdes ansvarlig for feil/mangler i profilen. Copyright © Finn.no AS 2025






FINN

Innholdet i nabolagsprofilen er hentet fra ulike datakilder, og feil eller mangler kan forekomme. Vurderinger og sitater er innhentet på web og gir uttrykk for hvordan naboene vurderer nabolaget. FINN.no AS kan ikke holdes ansvarlig for feil/mangler i profilen. Copyright © Finn.no AS 2025

*Forslagsstiller*
*Trond Hatlebrekke*

# FORSLAGSSTILLERS PLANBESKRIVELSE

**Datert: 22.6.16**

**Reguleringsplanen er vedteken av Kvam heradstyre 13.06.17**

Planomtalen føreligg slik den vart levert til Kvam herad som del av planforslaget

KVAM HERAD
Kvamskogen, gnr. 19 bnr. 111.
KLEIVA, KVAMSKOGEN. Arealplan-ID 20150008.

# Innhald


**OVERSIKT OVER VEDLEGG** ........ 3
**1. SAMANDRAG** ........ 4
**2. BAKGRUNN** ........ 5
**3. PLANPROSESSEN** ........ 6
**4. PLANSTATUS OG RAMMEBETINGELSAR** ........ 7
5.1 NASJONALE FØRINGAR ........ 7
5.2 REGIONALE FØRINGAR OG PLANAR ........ 7
5.3 KOMMUNEPLANAR OG TEMAPLANAR ........ 7
5.4 REGULERINGSPLANER ........ 8
**5. OMTALE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE** ........ 10
5.1 LOKALISERING ........ 10
5.2 AVGRENSING ........ 11
5.3 TILSTØYTANE AREAL SIN BRUK/STATUS ........ 11
5.4 EKSISTERANDE BUSETNAD ........ 11
5.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK ........ 12
5.6 SOLTILHØVE ........ 13
5.7 NATURMANGFALD ........ 13
5.8 GRØNE INTERESSER ........ 15
5.9 KULTURMINNEVERDIAR ........ 17
5.10 VEG OG TRAFIKKFORHOLD ........ 17
5.11 STØY ........ 19
5.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING ........ 19
5.13 VATN OG AVLAUP ........ 20
5.14 ENERGI ........ 20
5.15 PRIVAT OG OFFENTLIG SERVICETILBUD ........ 20
5.16 RISIKO OG SÅRBARHET ........ 21
5.17 PRIVATRETTSLIGE BINDINGAR ........ 21
**6. OMTALE AV PLANFRAMLEGGET** ........ 22
6.1 INNLEIING ........ 22
6.2 REGULERINGSFORMÅL ........ 22
*6.3* BYGGEFORMÅL ........ 24
6.4 LEIK/UTEOPPHALDSAREAL ........ 25
6.5 PARKERING OG TRAFIKKAREAL ........ 25
6.6 STØYTILTAK ........ 26
6.7 AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON ........ 26
6.8 RISIKO OG SÅRBARHET ........ 26
**7. VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET** ........ 27
7.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK ........ 27
7.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANER ........ 27
7.3 ESTETIKK ........ 28
7.4 KONSEKVENSAR FOR NABOBER ........ 28
7.5 TRAFIKK- OG PARKERINGSFORHOLD ........ 28
7.6 KULTURMINNER ........ 29
7.7 FRILUFTSAKTIVITET, BARN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET 29
7.8 NATURMANGFALD ........ 29
7.9 PRIVAT OG OFFENTLIGE SERVICETILBOD ........ 30
7.10 RISIKO OG SÅRBARHET ........ 31
7.11 TEKNISK INFRASTRUKTUR (VANN/AVLØP, EL-ANLEGG ) ........ 31
7.12 KONSEKVENSAR FOR NÆRINGSINTERESSER ........ 31

7.13 JURIDISKE/ ØKONOMISKE KONSEKVENSAR FOR KOMMUNEN .............. 31
8. KONSEKVENSUTGREIING ........................................ 32
9. INNKOMNE INNSPEL ........................................ 33
9.1 OPPSUMMERING OG VURDERING AV INNKOMNE INNSPEL ..................... 33
10. SJEKKLISTE FOR PLANFAGLEGE TEMA ........................................ 38
11. AVSLUTTANDE KOMMENTAR ........................................ 39

## *OVERSIKT OVER VEDLEGG*

- Plankart datert 29.02.2016
- Illustrasjonsplan datert 07.06.2016
- Føresegner, 22.06.2016
- Sjekkliste til innlevering av planframlegg
- ROS-analyse
- Merknadar samla

## 1. SAMANDRAG

Planen legg opp til ei fortetting av eigedom gnr 19 bnr 111 med to nye tomter for fritidsbustad. Sjølve tiltaket i planframlegget er avgrensa til nemnte eigedom, men etter krav frå kommunen ble resterende areal frå *Disposisjonsplan for gnr. 19, bnr. 29 – Kleiva på Kvamskogen* teke inn i planområdet. Grensene er seinare blitt justert noko, i samråd med kommunen.

Planframlegget er i hovudsak i tråd med eksisterande kommunedelplan for Kvamskogen, med mindre endringar i arealformål, i hovudsak frådeling av to nye tomter på gnr 19 bnr 111 jf. føremålet med planarbeidet. Alle tomter er heilt ut regulert til *Fritidsbustad*, med unntak av ei, gnr 19 bnr 507, som framleis har arealføremålet *LNFR areal for spreidde bustad-, fritids eller næringsbygningar m.m* fordi tomta ligg innanfor 25- meterssona frå elv. Regulert turdrag mellom parkering i nord og elv i sør, LNFR-område og friområde sikrar tilgang til området og fritidsbustadane i sør. Arealformåla er i det vesentlegaste i tråd med eksisterande disposisjonsplan, men med ei mindre fortetting og noko høgare arealutnytting. Den regional viktige skiløypetraseen som kryssar planområdet vert ivaretatt.

Dei to nye tomtane er begge på ca. 690 m². Det er føreslått maks utnyttingsgrad på % BRA = 120 % for alle hytter i planområdet. I planområdet ligg det i dag 13 fritidsbustads-tomter. Oppføring av nye hytter skal skje med tanke for å tilpasse bygga til landskapet, og dei skal ha same høgder og utforming som eksisterande hytter. Areal avsett til LNF og skiløyper vil ikkje bli råka av tiltaket.

## 2. BAKGRUNN

Det er ynskje frå grunneigar om å omregulera disposisjonsplan for gnr 19, bnr 29 – Kleiva på Kvamskogen. Hensikta er å fortette med 1-2 fritidsbustader.

**Nøkkelopplysningar**

| | |
|---|---|
| Kommune | Kvam herad |
| Stadnamn | Kleiva, Kvamskogen |
| Gårdsnr./bruksnr. | 19/111 |
| Gjeldende planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.) | Gjeldande kommunedelplan vedteken 06.09.2011 – område for fritidsbustad merka HO, LNF, LNF-spreidd fritidsbustad, parkering, skiløype.<br>Gjeldande reguleringsplan vedteken 23.08.1977 – Disposisjonsplan for gnr. 19, bnr. 29 – Kleiva på Kvamskogen.<br>Reguleringsplan – gang- og sykkelveg langs Fv.7 over Kvamskogen; NAF-Eikedalen |
| | |
| Forslagsstiller | Trond Hatlebrekke |
| Grunneigare (sentrale) | Trond Hatlebrekke |
| Plankonsulent | Opus Bergen AS |
| | |
| Ny plans hovudformål | Fritidsbustad. |
| Planområdets areal i daa | Ca. 44 daa |
| Grad av utnytting | 120 m² |
| Ant. nye bueiningar/ nytt næringsareal (BRA) | Deling av tomt: 2 nye tomter til fritidsbustad. |
| Aktuelle problemstillinger (støy, byggehøgder, o. l.) | |
| Føreligg det varsel om innsigelse (j/n) | N |
| Konsekvensutgreiingsplikt (j/n) | N |
| | |
| Kunngjering oppstart, dato | 21.12.2015 |
| Fullstendig planforslag mottatt, dato | |
| Informasjonsmøte gjennomført (j/n) | |

## *3. PLANPROSESSEN*

Oppstartsmøte med Kvam Herad blei halde 01.12.2015. Tilstade på møtet var sakshandsamar på plan i Kvam Herad, samt plankonsulent frå Opus Bergen AS.

Varslingsbrev til aktuelle partar, naboar, offentlege og private høyringsinstansar blei sendt ut 21.12.2015. Det blei varsla oppstart på planområdet med annonse i Hordaland Folkeblad den 22.12.2015.

# *4. PLANSTATUS OG RAMMEBETINGELSAR*

## 5.1 NASJONALE FØRINGAR

- Rikspolitiske retningslinjer for samordna bustads- areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Rikspolitiske retningsline for verna vassdrag (T-1082)
- Statlige retningslinjer for klima- og energiplanlegging
- St.meld. nr. 26 (2006-2007) «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand»
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (T-1497)
- Miljøverndepartementet sin rettleiar «Planlegging av fritidsbebyggelse» (T-1450)
- Den europeiske landskapskonvensjonen

## 5.2 REGIONALE FØRINGAR OG PLANAR

- Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional transportplan 2013-2024
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 (ikkje vedteken)
- (Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025)

## 5.3 KOMMUNEPLANAR OG TEMAPLANAR

- Kommunedelplan for klima og energi 2012-2015
- Trafikksikringsplan 2012-2015
- Kommunedelplan for avløp 2006-2014
- (Handlingsplan for funksjonshemma)
- Kommunedelplan for anlegg og område, idrett og friluftsliv

- **Kommunedelplan for Kvamskogen 2010-2020**
  Planområdet er ein del av Kommunedelplan Kvamskogen 2010-2020, planid 123820110006, vedteken 23.8.2011. Her har området status som noverande fritidsbusetnad merka HO, LNF-område , LNF-spreidd fritidsbusetnad, parkering og skiløype.




*Figur 1: Utsnitt frå Kommunedelplan Kvamskogen. Planområdet omtrentleg merka i raudt.*

## 5.4 Reguleringsplaner

- **Kleiva-DISPOSISJONSPLAN (19770002)**
  Hovuddelen av planområdet er regulert gjennom denne planen, vedteken 23.8.77.




*Figur 2: Reguleringsplan Kleiva-DISPOSISJONSPLAN, ID 19770002. Planområdet er i all hovudsak tilsvarande planavgrensinga for den aktuelle reguleringsplana.*

- **E68 Kvamskogen (19880001), vedteken 23.2.88**
  Planområdet grensar til denne arealplanen som regulerer store delar av Fv7 på Kvamskogen.




*Figur 3: Utsnitt frå arealplan E68 Kvamskogen, ID 19880001. Omtrentleg planområde merka i raudt.*

- **Regulering – gang- og sykkelveg langs Fv.7 over Kvamskogen; NAF-Eikedalen**
  Oppstart av planen blei varsla i november 2015. Planområdet ligg frå NAF-bygget og strekker seg langs fv.7 til krysset til Eikedalen i Samnanger kommune. Planområdet omfattar ein strekning på om lag 5,7 km og eit område på 50 meter til kvar side av fv.7. Føremålet er i hovudsak gang- og sykkelveg langs sørsida av fylkesvegen. Gang- og sykkelveg skal kople seg til gang- og sykkelveg i vedteken reguleringsplan Ungdomsheimen-NAF, (planid 123820110018). Planen skal også leggje til rette for bygging av planfri kryssing av skiløype ved Jonshøgdi og kryssing i plan til Eikedalen. Sanering av avkøyrsler vil inngå i planarbeidet for begge strekningane.




*Figur 4: Illustrasjon synar planområdet NAF-Eikedalen, planområdet omtrentleg merka i raudt. Henta frå varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid på Kvam kommune sine nettide (http://www.kvam.kommune.no/informasjon/vis_data_alt.asp?id=6493).*

# 5. OMTALE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE

## 5.1 Lokalisering

Planområdet ligg ved Kleiva på Kvamskogen i Kvam Herad. Kvamskogen ligg 40 minutt med bil aust frå Bergen og 10 minutt frå handelssenteret Nordheimsund. Dette er eit fjellområde mellom Samnanger og Kvam som er ein ynda utfartsstad, særleg om vinteren. I nærområdet har ein fleire alpinanlegg, akebakkar og preparerte turløyper. Planområdet ligg langs Fv7, mellom Eikedalsvatnet og Måvotsvatnet.




*Figur 5: Lokalisering av planområdet (omtrentlig markert i raudt). Lilla pil markerer Nordheimsumd – Kvam sentrum. Området ligg langs Fv7 på Kvamskogen i Kvam Herad, i eit populært tur- og hytteområde. Kart: Norgeibilder.no*

## 5.2 Avgrensing

Planområdet omfattar fleire eigedomar som alle ligg innanfor KDP for Kvamskogen. Avgrensinga var i utgangspunktet i all hovudsak i samsvar med planavgrensinga for Kleiva-disposisjonsplan (19770002). Planområdet var avgrensa til eigedomen gnr 19 bnr 111, men etter krav frå kommunen blei resterende areal frå gjeldande disposisjonsplan teke med i planområdet. Grensene er seinare blitt justert noko for betre å følgje formåla i kommunedelplanen, i samråd med kommunen.




*Figur 6: Planområdet ved varsling, ca. 44 daa. Grensene er justert noko frå varslinga*

## 5.3 Tilstøytane areal sin bruk/status

Planområdet er avgrensa av veg, Fv7, i nord og elv i sør. Aust og vest for planområdet er det flatt myrete terreng med spreidde trær/buskar. I vest er det regulert LNF-område og parkering, medan tilgrensande areal i aust er regulert til framtidig fritidsbebyggelse i KDP for Kvamskogen. I den nordaustre grensa går ei høgspentmast, restriksjonssona strekk seg delvis inn i planområdet. Skiløypetraseen som går gjennom planområdet strekk seg vidare i austleg og vestleg retning frå planområdet.

## 5.4 Eksisterande busetnad

I planområdet er det i dag 12 fritidsbustader, nokre av dei med tilbygg. Det er og ein garasje/uthus ved parkeringsarealet innafor planområdet. I tillegg er det grøntareal, skiløype og faresone for høgspentanlegg. Elles ber nærområdet tydeleg preg av å vere eit hytteområde, med spreidde fritidsbustader.

Grunneiger på tomta gnr 19 bnr 111 planlegg å utvide sin fritidsbustad, sjå illustrasjon under.




## 5.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK

Planområdet ligg i eit ca. 300 m breitt dalføre som strekk seg i aust-vestleg retning, ca. 450 m.o.h.. Gjennom heile dalføret går ein bilveg. Det renn ei elv mellom Eikedalsvatnet og Måvotsvatnet som gjer at det er ein del fuktige parti i botnen av dalføret. I nord og i sør er det dalsider som stig opp mot fjellet. Liane i sør heller slakt oppover mot Måvotsheima, ca. 600 m.o.h. I nord er det noko brattare helling opp mot Reinane, ca. 750 m.o.h. Kartet under illustrerer topografien i området med høgdekurver. Her står den flate dalbotnen fram mot dalsidene i nord og sør.




*Figur 7: Kart med høgdekurvar som illustrerer topografien i og kring planområdet.. Planområde omtrentleg merka i raudt. Kart: Kilden-skog og landskap*

## 5.6 SOLTILHØVE

Topografien med den flate dalbotnen som går i aust-vestleg retning saman med gradvis stigande lier og fjell (særleg i sørleg retning) gjer at soltilhøva i planområdet vert vurdert som gode.

## 5.7 NATURMANGFALD

I alle saker som berør økosystem, naturtypar og arter, krev naturmangfaldlova (nml) §7 at vurderingane og vektleggingane i §§ 8-12 kjem fram i saken. I dette kapittel er § 8 (kunnskapsgrunnlaget) vurdert, medan §§ 9-12 blir vurdert i kapittel 7.8 *Naturmangfald*.

Jf. **nml § 8** skal kunnskapsgrunnlaget stå i eit rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Kunnskapsgrunnlaget bygger i dette tilfellet på tidlegare registreringar i Artsdatabanken sitt Artskart, Kilden-skog og landskap, Naturbase og Vann-nett, samt aktuelle tilgjengelege rapportar som *Viltet i Kvam* (Askeland.Ø. 2002) og *Naturtypar i Kvam* (Holtan, D. 2009)

Planområdet er eit noverande hytteområde med fleire spreidde fritidsbustader. Sjølve tiltaket i planframlegget er av forholdsvis lite omfang og er plassert langs VA-leidningsnett som nye fritidsbustader skal kopla seg til. Det er ikkje aktuelt med andre inngrep som infrastruktur, då det ikkje skal vere køyreveg inn til dei nye tomtane. Det planlagde tiltaket ligg innanfor areal med uproduktiv skog, og eit lite areal med myr lengst søraust. Flyfoto frå Naturbase at det er anlagt ein sti/veg som går langs yttergrensa av eigedomane i aust ned til vassdraget og som skjerar av myrområdet i aust frå eigedomane i planområdet . Dette er truleg skjedd i samband

med nytt VA-leidningsnett som er lagt i området og kan ha ført til at myrarealt på den aktuelle eigedomen ikkje lenger er intakt. I eller nær planområdet er det er ikkje omtalt prioriterte viltområdar eller trekkvegar/vinterbeite for hjort i området, jf. *Viltet i Kvam*, og det er ikkje omtalt prioriterte naturtypar, jf. *Naturtypar i Kvam*.




*Figur 8: Bonitet i og kring planområdet (omtrentleg markert i svart stipla line). Tilt[illegible]nfor raud stipla line, eigedomen (19/111) vist i detalj oppe til høgre. Arter av særleg for[illegible]se – ansvarsarter er vist som grå sirklar (markert i raudt). Kilde: Naturbase*

Eikedalselvi renn like sør for planområdet. Det vert i ei grønnstrukturanalyse i Kvam herad (2002) utpeika ei sone kring vassdraget som har særs høg (nasjonal) verdi for biologisk mangfald, sjå figur. Elva er registrert som ein del av *Frølandselvi bekkefelt høyt* (ID:055-273-R) i vann-nett. Vannførekomsten har *moderat økologisk tilstand* som følgje av sur nedbør/forsuring, men ingen andre påverknader er registrert. Frølandselvi med Eikedalselvi er òg eit varig verna vassdrag i Verneplan III. Bakgrunnen for vernet er at vassdraget ligg nær større tettstader, det er ein viktig del av eit variert landskap og har stort naturmangfald knytt til elveløp, botanikk, landskap og vatnfauna. Dette vernet inneber særskilde retningsliner jf. Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag (1994). Det er mellom anna særs viktig å bevara naturens urørte preg, alle formar for omdisponering av areal i vassdragsbeltet bør unngås, og vatnkvalitet og naturleg vatnføring må søkast opprettahaldt.



*Figur 9: Verneplan for vassdrag – Frølandselvi (Eikjedalselv). Planområdet omtrentlig merka i raudt. Kjelde: Naturbase.no*

Forutan det verna vassdraget er det ingen andre registrerte verneområdar eller utvalde naturtypar i eller nær planområdet. I eit myrområde ca. 300 m aust for planområdet

er det registrert fagertorvmose (*Sphagnum pulchrum*) og gulltorvmose (*Sphagnum majus majus*) i 2008. Desse artene er ikkje truga i Noreg, men det er arter av særleg stor forvaltningsmessig interesse og ansvarsartar for Noreg fordi meir enn 25 % av den europeiske bestanden fins her i landet, jf. *Forskrift om utvalgte naturtyper*. Dette myrområdet strekk seg delvis inn i planområdet, og det kan dermed tenkast at desse artane òg veks i planområdet. Elles er det mest uproduktiv lauvskog skog innafor plangrensa, samt nokke lauvskog av høg bonitet i vest.

I artskart er det ikkje gjort artsregistreringar innanfor plangrensa. Omkring 300 m. aust er det i 2008 registrert fleire moseartar, i tillegg til dei ovannemnte ansvarsartane, samt to karplantar, myrmjelke og vrangdå i 2014. Ingen av desse er truga eller raudlista jf Norsk rødliste for arter (2015). I same område, noko nærare Måvosvatnet er fleire vanlege fugleartar registrert ved Norsk ornitologisk foreining mellom 2011 og 2015. Enkeltbekkasin, rødstilk, heipiplerke, strandsnipe, måltrost, løvsanger, granmeis, bokfink, tårnfalk, rødvingetrost, kattugle, fossekall, fjellvåk, steinskvett og flaggspett er nokon av dei registrerte fuglane. I tillegg er tre nær truga artar registrert; gjøk (NT), fiskemåke (NT) og sivspurv (NT). Fleire av desse artane har tilknyting til vatn og våtmark, inkludert sivspurv (NT).

I heiane sørvest for planområdet (vest i Måvotsheia) er det registrert gaupe i 2013 ved Norsk institutt for naturforskning (NINA). Gaupa er sterkt truga (EN) jf. raudlista (2015). Dette er ein art som streifar over store områder og truleg nyttar gaupa mykje av dei store samanhengane grøntområda kring planområdet. I same område er det òg registrert ulike fugleartar. Dei fleste er dei same artane som er registrert kring myrane ved Måvotsvatnet, i tillegg er meir typiske artar for li og fjell registrert her; orrfugl, lirype (NT) og fjellrype (NT). Både lirype og fjellrype er raudlista i kategorien nær truga (NT), lirype vart registrert i 2014 og 2015, medan fjellrype vart registrert i 2011.

### 5.8 GRØNE INTERESSER

**Friluftsliv:**
Området er eit særleg viktig friluftsområde. Det går turløyper like forbi planområdet og i nærområdet er det eit nettverk av turløyper både i flatt terreng og opp i det brattare fjellterrenget. I 2002 blei det gjennomført ein grønstrukturanalyse for Kvamskogen. frå denne analysen var det utarbeid eit samlekart som synar naturverdiar, landskapsverdiar og verdiar for friluftsliv, sjå figur. Planområdet ligg i eit område som har høg landskapsverdi, delar av området har særs høg verdi for friluftsliv og ei regional skiløype ligg innafor planområdet. Denne blir preparert fram mot kvar helg, og koplar seg på eit nettverk av andre skiløyar i sørenden av Måvosvatnet, sjå figur under. (jf. Løypekart for Kvamskogen, 2008).

**Barn og unge:**
Som forarbeid til kommuneplanen sin arealdel blei det i 2002 gjennomført ei barnetråkkundersøking over friluftsområder som barnehagar nyttar. Det er ingen område på Kvamskogen og kring planområdet som er registrert i rapporten.




*Figur 10: Kart som viser grønstruktur på Kvamskogen. Omtrentleg planområde i raudt. Kilde: Kvam herad - Samlekart grønstrukturanalyse, 2002, utarbeid av Norconsult AS.*



*Figur 11: Temakart skiløyper, kommunedelplan Kvamskogen. Grønn = eksisterende løyp*

### 5.9 Kulturminneverdiar

Det er ikkje registrert kulturminner i Kilden i planområdet. Like nord for planområdet ligg to SEFRAK-registreringar. Dette er bygningar eller andre kulturminner bygde før 1900. Eit par hundre meter vest er ytterlegare fem SEFRAK-registreringar.




*Figur 12: SEFRAK-registreringar kring planområdet (merka i stipla svart line). Raud trekant = meldepliktig objekt jf. Kulturminnelova § 25. Gul trekant = ikkje-meldepliktig objekt. Grå trekant = ruin eller fjerna objekt. Kilde: NIBIO-Kilden, skog og landskap*

### 5.10 Veg og trafikkforhold

Planområdet grensar til Fv7 og det er tilkomst til planområdet direkte frå Fv 7. For strekningen som går gjennom Kvamskogen er ÅDT 2200 (frå avkjørsel til Høysetevegen (Fv113) til Røyrli på Kvamskogen, i 2015). Fartsgrensa på strekningen er 80 km/t og den totale vegbreidda på strekket er i hovudsak er mellom 7 og 9 m. Elles er det berre små vegar og avkjørslar inn til enkelthytter eller hytteområder. Det er ikkje gangsti/fortau i området.




*Figur 13: Strekning med målt ÅDT 2200 (2015) i grått. Kilde: SVV, nasjonal vegdatabank - vegkart.*

Det er registrert 16 trafikkulykker på strekninga mellom Eikedalsvatnet og Måvotsvatnet mellom 1977 og 2014. Det er registrert ei dødsulykke i 1985, vidare er tre ulykker registrert med alvorleg skade (i 77, 91 og 94), resten er ulykker med lettare skade. Fleirtalet av ulykker hende på 80- og 90-talet. Nær planområdet er det berre registrert ei trafikkulykke, i 1977. Denne involverte gåande/akande og var alvorleg. Trafikksikringsplan 2006-2010 har sett på ulykkestall for heile kommunen. I denne framgår mellom anna at mellom 2000 og 2004 var 42,7 % av trafikantane som var involvert i ulykke ikkje innbyggjare i kommunen. Ulykkesraten er dessutan høgast i helgene, 52,6 % av ulykkene mellom 1994 og 2004 skjedde fredag-sundag, det er også i helgene dei mest alvorlige ulykkene skjer. Dette har truleg med stor gjennomgangstrafikk i helgene å gjere, samt stor trafikk mellom Bergen og Kvamskogen.




*Figur 14: Registrerte trafikkulykker mellom Eikedalsvatnet og Måvotsvatnet. Planområdet omtrentleg markert i svart stipla line. Kjelde: SVV, nasjonal vegdatabank - vegkart.*

## 5.11 STØY

Det er laga støyvarselskart basert på prognosar for 2025 (Statens vegvesen 2011). Dei nordlegaste delane av planområdet ligg i raud støysone, berekna støynivå høgare enn 65 $L_{den}$, medan eit større felt sørover ligg i gul støysone, berekna støynivå 55-65 $L_{den}$.




*Figur 15: Utsnitt frå støyvarselkart for Kvam kommune, basert på prognosar for år 2025. Planområdet omtrentleg markert i svart stipla line. Kjelde: Statens vegvesen.*

## 5.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Det går to bussruter til/frå Bergen forbi planområdet, Kleiven. Begge desse rutene tar i overkant av ein time. Det er busshaldeplass like ved planområdet.

- **925 Bergen-Granvin/Voss**
  Har avgangar frå Bergen kvardagar med mellom kl. 07.25 og 20.55, med avgangar kvar time mellom kl. 13.25 og 17.25. Alle avgangane går vidare til Nordheimsund, medan fem avgangar fortset til Voss. Laurdag har han 7 avgangar og søndag 9 avgangar.
- **930 Bergen-Jondal-Odda**
  Har tre avgangar frå Bergen i kvardagen samt søndag, og ein avgang laurdag. Alle avgangane går vidare til Odda.

## 5.13 VATN OG AVLAUP

Kvamskogen «nye» vassverk vart satt i drift 24. oktober 2013. Då det i framtida er lagt opp til ei nær dobling av tal hytter på kvamskogen, er anlegget bygd fleksibelt og kan utvidast ved behov. VA-leidningsnettet mot Eikedalen blei også utvida i same periode. Dette ligg langs vassdraget i søre del av planområdet (i retning aust-vest). Vidare er det lagt privat VA-leidningsnett med stikk inn til alle hyttane i planområdet. Det private leidningsnettet driftas av Kvamskogen vel. Alle nye hytter skal knyta seg på dette nettet.




*Figur 16: Kart over leidningsnett i planområdet. Leidning som går i retning aust-vest er kommunal, medan leidningar som går nord-sør er private (Kvamskogen vel). Kjelde: Kvam herad (mars 2016).*

## 5.14 ENERGI

Jamfør Energi- og klimaplan for Kvam herad 2012-2016 nyttar hytteområda på Kvamskogen over 16 GWh (elektrisitet) årleg, og hytteforbruket vaks i snitt med om lag 1 GWh årleg dei siste 5 åra. Det er lite som tyder på at denne veksten vert mindre i åra som kjem.

Det er Kvam kraftverk som produserer straum i Kvam og står for utbygging, drift og vedlikehald av nettet. Kvam Kraftverk opplyser på telefon (22.4.2016) at straumnettet ved planområdet er på kapasitetsgrensa.

## 5.15 PRIVAT OG OFFENTLIG SERVICETILBUD

Nordheimsund er kommunesenteret i Kvam herad. Det ligg om lag 16 km aust for planområdet, ca. 15 minutt kjøring med bil. Her finn ein om lag 50 butikkar og fleire tenester, deriblant daglegvarehandel. Her ligg også ei gjestekai med service-bygg. Helse Bergen HF og

Kvam legevakt ligg i Nordheimsund, og her er fire tannleger. I Øystese, ca. 5 km nordaust for Nordheimsund igjen ligg òg ein daglegvarehandel, lege og tannlege.

Det er fleire skuler, både barneskule og vidaregåande, og barnehagar i området rundt Nordheimsund.

### 5.16 RISIKO OG SÅRBARHET

Risiko- og sårbarhetsanalyse følgjer som eige vedlegg

### 5.17 PRIVATRETTSLIGE BINDINGAR

Ikkje aktuelt

# 6. *OMTALE AV PLANFRAMLEGGET*

## 6.1 INNLEIING

Planframlegget legg opp til ei fortetting av eigedomen gnr 19 bnr 111 med to tomter.

## 6.2 REGULERINGSFORMÅL

| **Formål** | **Totalt areal** |
|---|---|
| **Byggeområde** | |
| Fritidsbustad (BFR) | 13 315 |
| Skiløypetrasé (BST) | 4 459 |
| **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur** | |
| Kombinerte føremål for samferdselsanlegg og eller teknisk infrastruktur (SKF) | 710 |
| Parkering (SPA) | 4 984 |
| Veg (SV) | 90 |
| **Grønnstruktur** | |
| Turdrag (GTD) | 4 208 |
| Friområde (GF) | 4 266 |
| **Landbruks-, natur-, og friluftsformål og reindrift** | |
| LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk, og gårdstilknyttet næringsvirksomhet | 1732 |
| LNFR – areal for spreidde bustad-, fritids eller næringsbygninger mm. (LS) | 768 |
| **Areal** | **34 533** |



*Figur 17: Reguleringsplanframlegg. Kjelde: Opus Bergen AS.*

## *6.3* BYGGEFORMÅL

| **Byggeformål** | |
|---|---|
| **Type busetnad** | Fritidsbustad |
| **Grad av utnytting** | % BRA = 120 % |
| **Byggehøgder** | MH = 6m, GH = 4 m |
| **Byggegrense** | Påført plankart |




*Figur 18: Illustrasjonsplan. Kilde: Opus Bergen AS*

**Busetnad:**

- Alle hyttetomter, utanom LS2, får byggeføremål fritidsbustad og er fordelt på 4 felt: BFR1 – BFR4.
- Det kan oppførast 2 nye fritidsbustader innanfor BFR1, ein i felt T2 og ein i felt T3 jf. illustrasjonsplan, og hyttene skal byggast i samsvar med reglar for hyttebygging i Kvam kommune (føresegner § 4.1.1).
- Felt LS2 blir behalde som LNFR-spreidd, fordi det allereie er bygga ein fritidsbustad som ligg for seg sjølv, innanfor 25 meters byggjegrense til vassdrag.

**Utnytting og byggehøgder:**

- For alle felt BFR1 – BFR4: % BRA = 120 % i samsvar med KDP (jf. føresegner § 4.1.1).
- For alle felt BFR1 – BFR4: gesimshøgd skal i gjennomsnitt ikkje vera høgare enn 4.0 m, mønehøgd maksimum 6.0 m over gjennomsnittleg opphaveleg terreng. Grunnmur kan vere maks 0,7 m over planert terreng.

**Byggjegrenser:**

- Felt BFR2 – BFR4 får 4 m byggegrense til turdrag, friområde, LNFR og skiløype, jf.
- 25 m byggegrense til vassdrag i sør, med unntak av eigedom med eksisterande busetnad i LS, jf. føresegner 2.2.1.
- Byggegrensa er lagt 30 m frå senterline for Fv7, med unntak av rundt eksisterande fritidsbustad og planlagd utbygging i gnr 19 bnr 111, jf. føresegner § 2.2.2.

### 6.4 Leik/uteopphaldsareal

Det er ikkje krav til uteopphaldsareal for fritidsbustader i KDP for Kvamskogen. Alle tomtene har privat areal kring hyttene og det er store areal for leik og uteopphald i område kring tomtene. Sør for skiløypetrasé og mellom hyttetomtene er det foreslått regulert friområde og turdrag, samt område med LNFR-spreidd areal i sør. Desse formåla sikrar allmenn tilgjengelege til elva i sør og områda rundt. Skiløypetraséen som kryssar planområdet utgjer eit viktig friluftslivstilbod og vert ivareteken i planen.

### 6.5 Parkering og trafikkareal

Ny fritidsbustad utløyser behov for 4 nye p-plasser og 2 sykkelparkeringar jf. Kommunedelplan for Kvamskogen. Regulert parkeringsareal i KDP, f_SPA, vidareførast i planframlegget. Det er berre delar av parkeringsarealet som er opparbeida i dag. Det vil vere moglegheit for å utvida til ca. 135 p-plasser totalt i tråd med KDP.

Grunneigar står ansvarleg for opparbeiding av parkeringsplassar og veg fram til desse. Tilstrekkeleg parkeringsplassar skal opparbeidast samstundes med at hyttene vert bygde, jf. føresegner § 4,1.1.

Planframlegget omfattar, jf reguleringsplankart, ei smal stripe *kombinert samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastruktur* (SKF) i nordgrensa til planområdet, *veg* (SV) ved avkøyring frå fv 7 til parkeringsplass, og *parkering* (SPA). Det har i samband med planen vore dialog med Statens vegvesen/Multiconsult, dei jobbar med ein reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Fv 7 som ikkje har kome like langt i prosessen som denne planen. Vegarealet som ligg innanfor planområdet vil få endeleg trafikkføremål i Statens vegvesen sin plan.

### 6.6 STØYTILTAK

Det er ikkje utført støyberekningar i samband med planframlegget. Fortetting med to fritidsbustader vil ikkje ha verknad for støynivåa i planområdet. Delar av planområdet i nord ligg innanfor gul støysone. Nye fritidsbustader er ikkje planlagt innanfor raud støysone, men vil bli liggjande innanfor gul støysone jf. støyvarslingskart basert på prognosar for 2025 (Statens vegvesen 2011). Det er ikkje naudsynt med tiltak for bygging av fritidsbustad i gul eller raud støysone ihht TEK 10.

### 6.7 AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON

Langs fv. 7 har BIR faste returpunkt og hyttecontainarar. Det er hytterenovasjon innanfor planområdet, på Kvamskogen vel sitt parkeringsområde. Denne kan nyttast av alle fritidsbustadane i området, så sant eigedomen er registrert som fritidsbustad. Ved eit eventuelt behov for fleire hyttecontainarar (etter synfaring frå BIR) vil det bli sett ut fleire behaldarar (jf. e-post frå BIR, 30.3.16). Kvar hytteeigar pliktar å ta del i den kommunale renovasjonsordninga som gjeld for Kvamskogen, jf. Føresegner § 2.7.




*Figur 19: Hyttecontainere nær planområdet. Avfallstasjon merket med raud pil ligg innanfor planområdet. Kjelde: BIR (www.bir.no)*

### 6.8 RISIKO OG SÅRBARHET

Risiko- og sårbarheitsanalyse følgjer som eige vedlegg.

# 7. *VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET*

## 7.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

Planframlegget er i hovudsak i tråd med eksisterande kommunedelplan for Kvamskogen, men det er gjort mindre endringar i arealformål. For det fyrste er to nye eigedommar frådelt gnr/bnr 19/ 111. Alle tomter med unntak av 19/507 er i sin heilskap regulert til *Fritidsbustad.* På eigedom 19/507 vert arealføremålet *LNFR areal for spreidde bustad-, fritids eller næringsbygningar m.m.* vidareført. tomta ligg innanfor 25- meterssona frå elv. Det er regulert inn eit turdrag mellom elv i sør og parkering i nord for å sikre åtkomst for fritidsbustadane sørover. Det er vidare lagt inn ei byggegrense på 25 meter frå elv, jf. merknad frå Fylkesmannen i Hordaland.

Det er føreslått ei lita omlegging av skiløypetraséen som i KDP for Kvamskogen kryssar to eigedomar, gnr 19 bnr 691 og 684. Denne er nå er føreslått regulert inn mellom dei to eigedomane.




*Figur 20: (A) Nytt framlegg til reguleringsplan samanlikna med(B) eksisterande kommunedelplan for Kvamskogen. Kjelde: Opus Bergen AS*

## 7.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANER

Arealformåla i planframlegget er i tråd med eksisterande reguleringsplan. Det blir lagt opp til ei mindre fortetting og noko høgare arealutnytting. Byggeområde for hytter er det same, men arealføremål fritidsbustad er utvida slik at det er i tråd med tomtegrensene. Illustrasjonsplan syner tursti til hyttene i rimeleg samsvar med disposisjonsplanen, men med ein noko annan trasé i sør. Friluftsområdet i gjeldande reguleringsplan er delt inn i skiløypetrasé (BST), turdrag (GTD), friområde (GF) og LNFR (L).




*Figur 21: Nytt framlegg til reguleringsplan (A) og eksisterande disposisjonsplan for Kleiva på Kvamskogen (C). Kjelde: Opus Bergen AS.*

### 7.3 Estetikk

I planområdet ligg det i dag 12 fritidsbustader. Den planlagde fortettinga skal skje med tanke på å tilpasse bygga til landskapet. Området er flatt utan høgdedrag eller landskapssilhuettar. Nye hytter skal utformast med same høgder og utforming som eksisterande hytter, jf. føresegner § 2.4. Fortettinga med to fritidsbustader vurderast difor ikkje å få negative konsekvensar for opplevinga av landskapet eller silhuettverknader.

### 7.4 Konsekvensar for nabober

Det er berre spreidd fritidsbusetnad i planområdet. Det er ikkje venta at planframlegget vil føra til varige konsekvensar for naboar i form av støy, soltilhøve, utsikt eller anna. Næraste nabo i sør vil truleg bli noko negativt påverka i ei tid under sjølve byggeperioden.

### 7.5 Trafikk- og parkeringsforhold

Det er varsla oppstart for planarbeid med regulering av gang- og sykkelveg langs Fv 7. Dette vil føre til betre høve for mjuke trafikantar og det blir og lagt opp til å redusere tal på avkøyrslar langs vegen og dermed føre til auka trafikksikkerheit.

Planframlegget vil ikkje gje nokon markant auke i trafikkbelastning på vegsystemet. Tiltaket i seg sjølv vil ikkje utløyse behov for betring eller endring av vegsystem. Det blir behov for fire nye p-plasser, to per hytte/tomt.

### 7.6 KULTURMINNER

Det er ingen registrerte kulturminner i eller i nærleiken av planområdet. Planframlegget vil ikkje få konsekvensar for registrerte SEFRAK-objekt nord for Rv 7.

### 7.7 FRILUFTSAKTIVITET, BARN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Planframlegget legg opp til ei frådeling av to tomter på eigedom med gnr 19 bnr 111, og ei fortetting her med inntil to fritidsbustader. Dette vil ikkje legge beslag på areal avsett til eller i bruk av barn og unge, eller til utøving av friluftsliv. Den viktige skiløypetraséen vert ivaretatt, men det er foreslått ei lita endring av trasé slik at løypa no går mellom dei to tilgrensande hyttetomtene, og ikkje kryssar over dei. Ved å regulere inn turdrag frå parkeringsareal i nord til vassdraget i sør i reguleringsplan, og å leggja inn tursti i illustrasjonsplan, sikrar ein tilkomst til hyttene i sør utan krav om opparbeiding som fører til unødige inngrep i naturen. Ei byggegrense på 25 meter til vassdraget skal sikre at det ikkje byggjast nær vassdraget. Det ligg frå før av ein fritidsbustad innanfor dette 20-meters beltet.

### 7.8 NATURMANGFALD

Som ein del av arbeidet er § 8-12 i naturmangfaldlova (nml) vurdert og følgd opp. Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 i naturmangfaldlova er vurdert i kapittel 5.7 *Naturmangfald*, medan §§9-12 vurderast i dette kapittelet.

Jf. **nml §9** (føre-var-prinsippet) skal ikkje mangel på kunnskap brukas som årsak for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak. I dette tilfellet vurderast kunnskapsgrunnlaget (sjå kap 5.7) å stå i høve til tiltakets storleik og karakter, jf. nml §8, og føre-var-prinsippet tilleggas mindre vekt.

Jf. **nml §10** skal den samla belastninga på eit økosystem vurderast. For å vurdere tiltakets konsekvens på naturmiljøet, skal samvirke mellom ulike påverkingar og tiltaket sin kumulative karakter i forhold til andre gjennomførte og planlagde tiltak vurderast.

Arealbruken i planframlegget er i hovudsak i tråd med gjeldane kommunedelplan for Kvamskogen (planid 123820110006) og Disposisjonsplan for Kleiva (planID: 19770002), men med frådeling av to nye hyttetomter på eigedomen gnr 19 bnr 111. Sjølve tiltaket er avgrensa til frådeling av to nye tomter på til saman 1,4 daa, kor det kan førast opp to nye fritidsbustader på inntil 120 BRA pr. bustad. i eit område kor det allereie ligg spreidde hytter. Hovuddelen av tiltaksområdet er uproduktiv skog på grunnlendt mark. I søraust strekk eit myrområde seg ca. 8 m inn på tomta. Ei byggjegrense mot aust på 4 m sikrar noko av dette myrområdet.

Ei fortetting med to fritidsbustader på inntil 120 BRA pr. bustad i hytteområdet er ikkje venta å føre til avgjerande negativ konsekvens for naturmangfaldet i området. Det planlagde tiltaket er plassert nær Fv 7 og grensar til parkeringsareal. Det er ikkje gjort registreringar av viktige eller truga artar innanfor planområdet som kan bli påverka av tiltaket. To torvmosar som er arter av særleg stor forvaltningsmessig interesse og norske ansvarsartar er registrert i myra omkring 300 m aust for planområdet. Ytterkantane av dette myrområdet strekk seg ifølgje Naturbase inn i tiltaksområdet. Det vurderast som mindre sannsynleg at tiltaket vil påverke

desse førekomstane, då det berre er ca. 4-5 meter av myra som er innanfor byggjegrensa. Samstundes synar flyfoto frå Naturbase at det er anlagt ein sti/veg som går langs yttergrensa av eigedomane i aust ned til vassdraget, noko som truleg har ført til at myra i aust er skjert av frå den aktuelle eigedomen.

Tiltaket i planframlegget bidreg til nedbygging av natur, men påverknaden på større samanhengande naturområder eller økosystem vurderast som høvesvis liten då tiltaket er plassert innimellom eksisterande fritidsbustader og parkeringsareal og i hovudsak vil påverke uproduktiv skog. Både nord og aust for planområdet er det i KDP for Kvamskogen avsett større områder til framtidig fritidsbusetnad og det er forventa ei auke i talet fritidsbustader i området i åra framover. Dette vil leggja beslag på større skogs- og myrområder som i dag er tilnærma fri for busetnad, og ha stor negativ påverknad på naturmangfaldet og økosystem knytt til skog og myr.

Jf. **nml § 11** er forslagstiller klar over at kostnader med å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket volder skal dekkes av tiltakshavar. Kostnader med å hindre eller avgrense skade inkluderer alle kostnader med førebyggande eller gjenopprettande tiltak. I dette kan det òg ligge kostnader med å framskaffa kunnskap.

For at tiltaket skal vera mest mogleg skånsamt for miljøet og naturmangfaldet i området, må det jf. **§12 i nml** takast utgangspunkt i driftsmetodar, tekniske løysingar og lokalisering som gir dei beste samfunnsmessige resultat ut ifrå ei samla vurdering av tidligare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold.

Planområdet er eit noverande hytteområde med spreidde fritidsbustader. Tiltaket inneber ei fortetting med to fritidsbustader i nord, plassert langs VA-leidningsnett og utan kjøreveg inn til dei nye tomtane. Det planlagde tiltaket ligg innanfor areal med uproduktiv skog, med nokke myr lengst søraust. Sidan dette er utkanten av den same myra kor det 300 m lenger aust er registrert to *Sphagnum*-artar av særleg stor forvaltningsmessig interesse. Plassering av nye fritidsbustader vert ikkje vurdert i planframlegget, men ein må så langt det er mogleg unngå å føre opp ny fritidsbustad i myr, for å sikre at ein ikkje øydelegg eventuelle uregistrerte førekostar av desse artane.

Tekniske løysingar og driftsmetodar bør alltid vurderast ved utbygging, for å sørge for å finne løysningar som er mest mulig skånsame for miljøet og naturmangfaldet.
Ein må å sikre at eventuelle masser frå området handterast på riktig måte med omsyn på framande arter, for å hindre uønskt spreiing via jord eller som planterester. På same måte er det viktig å sikre at eventuelle tilførte masser er rene.

### 7.9 PRIVAT OG OFFENTLIGE SERVICETILBOD

Planframlegget legg opp til ei fortetting med to fritidsbustader. Det er ikkje venta at denne fortettinga vil utløyse behov for ytterlegere servicetilbod i planområdet, heller ikkje med tanke på kollektivtrafikk.

## 7.10 RISIKO OG SÅRBARHET

Risiko- og sårbarheitsanalyse følgjer som eige vedlegg.

## 7.11 TEKNISK INFRASTRUKTUR (VANN/AVLØP, EL-ANLEGG )

Det er lagt opp til ei nær dobling av fritidsbustader på Kvamskogen i framtida. Dette inneber at «nye» Kvamskogen vassverk er bygd fleksibelt og kan utvidast ved behov. Det nye VA-ledningsnettet som går langs vassdraget i søre del av planområdet er kommunalt, vidare er det lagt privat VA-leidningsnett inn til fritidsbustadane i planområdet. Det er lagt inn stikk som dei to nye fritidsbustadane skal kopla seg på.

Utbygging, drift og vedlikehald av elektrisk nett er det Kvam Kraftverk som handterer. Dei opplyser på telefon (22.4.2016) om at straumnettet ved planområdet er på kapasitetsgrensa.

## 7.12 KONSEKVENSAR FOR NÆRINGSINTERESSER

Planframlegget har ingen konsekvensar for næringsinteresser i eller nær planområdet. Det vil ikkje føre til omdisponering av områder avsett til landsbruk eller anna næring.

## 7.13 JURIDISKE/ ØKONOMISKE KONSEKVENSAR FOR KOMMUNEN

Planframlegget vil ikkje føre til juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen.

## *8. KONSEKVENSUTGREIING*

Ikkje aktuelt i høve til *Forskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter pbl*.

## *9. INNKOMNE INNSPEL*

Det blei sendt ut varsel om oppstart av planarbeid ihht pbl §§ 12-1, 12-8 og 12-14. Innkomne merknader vert vurdert og kommentert i merknadsoppsummering vedlagt planframlegg.

Det kom 5 innspel til oppstart av planarbeid frå Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune, Statens Vegvesen, Kvamskogen vel og privatpersonar Agnethe Erstad Larsen og Per Inge Larsen. Alle innspela til planforslaget, samt forslagstiller si oppsummering og vurdering av innspela fylgjer planen som eigne vedlegg.

### 9.1 OPPSUMMERING OG VURDERING AV INNKOMNE INNSPEL

**Fylkesmannen i Hordaland, 22.12.2015:**

1. Kvamskogen er eit særs viktig regionalt område for friluftsliv og fritidsbusetnad, det er avgjerande at desse kvalitetane vert teke vare på i det vidare planarbeidet.
2. Legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og ikkje i strid med nasjonale føringar.
3. Minnar om spesifikke føringar i KDP for Kvamskogen som gjeld arealføremål innanfor varsla plangrense:

   **§ 7 b:**

   *I område med godkjent disposisjonsplan, med føresegner om bygging av fritidsbustad i samsvar med "Reglar for hyttebygging i Kvam", kan det byggjast fritidsbustad på inntil 90 $m^2$T-BRA innafor godkjent plan. Utviding av storleik på fritidsbustad på inntil 120 $m^2$ T-BRA, kan vera mogleg. Kvar plan vert vurdert ut i frå landskapet og tålegrensa i området. Det vert sett krav om reguleringsplan før området kan byggjast ut til 120 $m^2$ T-BRA.*

   **§ 13 b andre ledd:**

   *I LNF-c område nr 2 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 18 hytter på inntil 120 $m^2$. Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.*
4. Er nøgd med at landskapstilpassing av fritidsbustader er omtala som eit viktig utgreiingstema og visar til at lokalisering og utforming med vekt på miljøverdiar, ressursbruk og estetikk er eit nasjonalt mål.
5. Det er viktig å regulere tilstrekkeleg med grøntføremål ved regulering av fritidsbustader. Viser elers til KDP føresegn **§ 4 bokstav 1:**

   *Ved fortetting skal det takast vesentleg omsyn til eksisterande utbyggingsstruktur, landskap og terreng. Plan for fortetting skal tilpassast etter landskap og eksisterande utbyggingsstruktur som er eigna for feltmessig fortetting eller forsiktig innfylling av enkeltbygg.*
6. Ein bør fokusere på å behalde naturlege terrengformar og ikkje planere meir enn naudsynt for å skape positive inntrykk. Tilrår å nytte rettleiaren *T-1450 Planlegging av fritidsbebyggelse* i det vidare planarbeidet.
7. Minner om at konsekvensar for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 7-12.
8. Heile planområdet ligg innanfor nedbørsfelt til det verna Eikedalsvassdraget/Frødalselva. Planframlegget må legge til grunn dei rikspolitiske retningslinene for verna vassdrag, T-1082. Ein må legge vekt på vernevedtaket og vassdraget sin verneverdi

9. Byggegrense langs sideelvar/bekker til det verna Eikedalsvatnet er 25 m. FMHO vil tilrå å utvide plangrensa i sør heilt ut til elvekanten for å få regulert naudsynt buffer til elv og for å innlemme heile fritidseigedomen gnr/bnr 19/507.
10. Byggegrense langs FV7 må fastsettast i samsvar med føringane i KDP og i dialog med SVV.

    Oppmodar om å ta kontakt med konsulentane som arbeider med reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs Fv7.
11. Voner at samferdsleanlegg, teknisk infrastruktur og trafikktryggleik vert styrande for det vidare planarbeidet.

    Ser ingen grunn til å regulere kjøreveg fram til fritidsbustadane.
12. KDP synar ei regionalt viktig skiløype innanfor planavgrensinga som planarbeidet må ta omsyn til og sikre vidareført. I denne korridoren er det ikkje tillate med fritidsbustader jf. KDP føresegn § 12.
13. Når det gjeld eksisterande bygg og skiløyper, rår FMHO til at det vert regulert mindre/heilt naudsynte byggeområde kring eksisterande bygg supplert med føresegner som sikrar at ikkje fritidsbustadane vert for store, kva retning dei evt kan byggjast på mv., eller at det vert regulert til LNF-område. (Dei største hyttene i feltet skal liggja lengst frå skiløypene)
14. Det er krav om utarbeiding av ROS-analyse og handtering av risiko i plan. Visar til TEK10 for akseptbel risiko for flaum og skred, og kommunen for akseptkriteria for anna type risiko (FMHO legg til grunn at desse skal vere minst like strenge som for flaum og skred).

    Alle risikotilhøve skal merkast på plankartet med omsynssone og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.
15. Detaljreguleringsplaner skal inkludere ei vurdering av folkehelseperspektivet jf. Pbl § 3-1. Eit sentralt element er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve jf. Regional plan for folkehelse 2014-2025.
16. Generelt: alle planar krev god medverknad og barn og unge skal vere høyrde og teke omsyn til i planprosessen.
17. FMHO er positiv til detaljregulering i samsvar med KDP for Kvamskogen, med von om ei beskjeden fortetting med nye fritidsbustader.

**Forslagsstiller sin kommentar:**

1. Planforslaget er i samsvar med føringane i KDP for Kvamskogen. Føresegnene set krav til landskapstilpassing.
2. Planforslaget er i samsvar med overordna plan og ikkje i strid med nasjonale føringar.
3. Planforslaget er i samsvar med KD sine føringar og krav. Føresegnene opnar for ei utnytting av fritidsbustad på inntil 120 m2. Etablert skiløypetrasé og turdrag er sett av som eigne føremål på plankart, og gjev ålmenta tilgjenge til vatn og vassdrag.
4. Landskapstilpassing av fridtidsbustader er utgreia i planskildringa.
5. Se punkt 3 og 4. Planforslaget regulerer turdrag og skiløypetrasé i tråd med KDP. Fortetting skjer berre innanfor føremål som allereie er sett av til utbygging.
6. Se punkt 1. Føresegnene set krav til estetikk og landskapstilpassing.
7. Det er utført vurdering i høve NML §§ 7 – 12. Den er teke inn i planskildringa.
8. RPR for verna vassdrag er lagt til grunn for planframlegget. Se og punkt 9.
9. Plangrensa er utvida i sør ut til elvekanten, og det er lagt inn naudsynt buffer på 25 meter i område for spreidd LNF.
10. Det er lagt byggegrense langs FV7 i samsvar med føringane i KDP og rundt eksisterande hytte. Det er dialog med Multiconsult som har reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Fv 7.

11. Det blir vist tilkomst men ikkje regulert kjøreveg internt i planområdet.
12. Planen vidarefører og sikrar skiløype i KDP, det regulerast ikkje fritidsbustader i denne korridoren.
13. Skiløype sikrast regulert med eiege føremål, samt 4-meters byggegrense langs byggjeføremål.
14. Det er utarbeida ROS-analyse i samband med planframlegget. Denne er teke inn i planskildringa.
15. Ei vurdering av barn og unge og folkehelse inngår i planskildringa.
16. Barnetråkk-rapport utarbeida som forarbeid til kommuneplanen sin arealdel 2002 er nytta.
17. Planen legg til rette for fortetting med inntil to fritidsbustader i tråd med KDP sine føresegner.

**Statens vegvesen, 15.1.2016:**

1. Parkeringskravet skal gjelde både sommar- og vinterparkering.
2. Arbeidet må ta omsyn til reguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom NAF og Eikedalen (planen legg mellom anna opp til sanering av avkøyrsler).
3. Fv.7 er i «Rammeplan for avkøyrsler og byggegrenser i Region vest» definert som klasse 2, med byggegrense 50 m. Dette må takast omsyn til i arbeidet.
4. Planområdet ligg delvis i raud og gul støysone. Dette må takast omsyn til i den vidare planlegginga.

**Forslagsstiller sin kommentar:**

1. Parkeringskravet gjeld både sommar- og vinterparkering.
2. Det er dialog med Multiconsult som regulerer sykkel- og gangveg langs Fv7.
3. Nye fritidsbustader vert lagt utanfor byggegrensa på 50 meter.
4. Det er utarbeida Ros-analyse kor mellom anna støy er eit tema. Nye fritidsbustader er ikkje innafor gul eller raud støysone.

**NVE, 29.1.2016:**

1. Nordaust i planområdet går ein høgspentledning som høyrer til sentralnettet. Denne må settast av som omsynssone (PBL §11-8 d) i plankartet. Syner elles til NVE sine sider om arealplanlegging: https://www.nve.no/flaum-og-skred-arealplanlegging/

**Forslagsstiller sin kommentar:**

1. Sentralnettleidning er vist med omsynssone tilsvarande KDP

**Hordaland Fylkeskommune, 1.2.2016:**

1. Friluftsliv: voner at planarbeidet innordnar seg retningsliner og føresegner i overordna plan (kommunedelplan for Kvamskogen)
2. skiløyper og samanhengande grønstruktur må takast vare på. Regionalt viktig skiløype som går gjennom planområdet må innpassast i planen med god buffer mot hyttetomtene.
3. All planlegging skal inkludere ei vurdering av folkehelseperspektivet, legge til rette for gode oppvekstvilkår, og det må leggas til rette for barn og unge.

4. Fritidsbustader må få ei utforming som er godt tilpassa landskap og øvrig utbygging. Naturlege terrengformar bør bevarast i størst mogleg grad.
5. HFK vurderer det slik at potensial for funn av fornminne er lite i planområdet.
6. Minner om pågåande arbeid med reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Rv 7 over Kvamskogen.
7. Oppsummert: HFK ber om at det leggast særleg vekt på friluftsliv og landskap.

**Forslagsstiller sin kommentar:**
1. Planframlegget er i tråd med føresegner og retningsliner i KDP for Kvamskogen.
2. Planforslaget regulerer turdrag og skiløypetrasé i tråd med KDP.
3. Barnetråkk-rapport utarbeida som forarbeid til kommuneplanen sin arealdel 2002 er nytta.
4. Landskapstilpassing av fridtidsbustader er utgreia i planskildringa.
5. Tatt til orientering i det vidare planarbeidet.
6. Planframlegget tek omsyn til pågåande planarbeid langs Fv7. Planframlegget tek omsyn til friluftsliv og landskap. Regulering er i tråd med KDP.

**Kvamskogen Vel (KV), 21.1.2016, 15.2.2016 (utsett frist):**
1. Føreset at føringane i kommunedelplan blir følgt i planarbeidet slik at områda LNF og LNF spreidd fritidsbustad vidareførast med same status og ikkje leggjast til HO.
2. Preparert skiløype med buffer som på begge sider som minst er i størrelsesorden som kommuneplan bestemmer, må oppretthaldast. KV sin p-plass inngår i planområdet.
3. KV er interessert i å utvida plassen på sikt, og tek gjerne imot henvendelse ved eventuelle overskotsmassar.

**Forslagsstiller sin kommentar:**
1. Planframlegget vidarefører områda for LNF og LNF spreidd til grøne føremål.
2. Skiløypetrase er regulert med same buffer som i KDP (jf. KDP §12: 4 m der skiløypetrase er etablert i gjeldande byggeområde, og inntil 30 m i nye byggeområde).
3. Tas til orientering, det angår ikkje planprosessen.

**Agnethe Erstad Larsen og Per Inge Larsen, eigedom 19/684, 31.1.2016:**

1. Ønsker å anmerka at hyttetomtene som blei skilt ut og selt på 70-tallet med bakgrunn i Disposisjonsplan for gnr/bnr 19/29-Kleiva på Kvamskogen, har betalt for en andel i friområdet markert med grønt. Det er derfor ynskjelig å oppretthalde dette som friområde i tråd med opphaveleg reguleringsplan. Den opparbeida skitraséen går også gjennom dette friområdet.
2. I skjøte til mellom anna merknadsstillers eigedom er det spesifisert at skjøte gjeld utskilt parsell med fellesareal i gjeldane dispensasjonsplan, vil derfor påpeike at forskriftene i denne disp.planen må vidareførast i ny reguleringsplan.
3. Foreslår at planområdet utover tomtane med g/bnr skilles ut som eige gnr/bnr slik at det gjer moglegheit for at eigedomane i planen kan få tinglyst sine andelar i friområdet.
4. I tråd med andre nye reguleringsplanar på Kvamskogen er tillaten hyttestørrelse auka. Det er ynskjeleg å auka hyttestorleiken i planområdet frå 90 til f eks 120 m2 slik at det

er anledning til å utvida hyttane med bad som offentleg vatn og kloakk er lagt inn i hyttefeltet.

**Forslagsstiller sin kommentar:**

1. Friområdet vert oppretthalde og føresegnene frå disposisjonsplan vert i stor grad vidareført.
2. Sjå punkt 1.
3. Ikkje tatt til følgje. Planframlegget vidarefører disposisjonsplanen og KDP sine føremålsgrenser og intensjonar i stor grad.
4. Tatt til følgje. Planframlegget regulerer for utnytting på inntil 120 m2 på alle utbyggingsområda, ut frå ei vurdering av den enkelte tomt.

## *10. SJEKKLISTE FOR PLANFAGLEGE TEMA*

Kvam herad si sjekkliste for planfaglege tema til innlevering av planframlegg er gjennomgått og er vedlagt planframlegget.

## *11. AVSLUTTANDE KOMMENTAR*

Planframlegget legg opp til ei fortetting av eit eksisterande hyttefelt med frådeling av to nye tomter for fritidsbustad frå eigedomen gnr 19 bnr 111. Planområdet ligg i eit viktig og populært område for friluftsliv og fritidsbustad, og det er i Kommunedelplan for Kvamskogen regulert inn fleire framtidige hyttefelt like ved. Ei fortetting av eksisterande hytteområde vil vera eit positivt tilskot som kan gjennomførast utan større inngrep i urørt natur.

Dei to nye fritidsbustadane vil liggja i høveleg flatt terreng, og vurderast ikkje å føra til varige negative konsekvensar for naboar eller landskapsforholda i området, då ein skal ta omsyn både til terreng, landskap og omkringliggjande fritidsbustader i utføringa. Soltilhøva er vurdert å vera gode i området og ein har svært gode høve for utøving av friluftsliv, mellom anna går det ei regionalt viktig skiløype gjennom planområdet. Denne eller andre friluftslivskvalitetar vil ikkje bli negativt påverka av planforslaget.

KVAM HERAD

# REGULERINGSFØRESEGNER FOR:

## Kleiva, Kvamskogen
## gnr. 19 bnr. 111 m. fl.,
## KVAM HERAD

FORSLAGSSTILLAR:

Trond Hatlebrekke

| **Sakshandsaming i samsvar med plan- og bygningslova** | **Saksnr** | **Dato** | **Sign.** |
|---|---|---|---|
| Spørsmål om oppstart regulering handsama av NPB-utvalet | | | |
| Kunngjering oppstart regulering | | 21.12.2015 | Opus Bergen AS |
| 1.gongshandsama i NPB-utvalet | 053/16 | 20.09.2016 | TROBRA |
| Offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 04.11.16 – 16.12.16 | | | TROBRA |
| 2.gongshandsama i NPB-utvalet | 023/17 | 30.05.2017 | TROBRA |
| **Vedtak i Kvam heradsstyre.** | **029/17** | **13.06.2017** | **TROBRA** |
| Kunngjering av vedtak | | 23.06.2017 | TROBRA |
| | | | |
| I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova.<br><br>Sign.:................................................................... | | | |

**PlanID: 1238_20150008**

**Arkivsaknr: 15/1223, 16/36**

Opus Bergen AS

# FØRESEGNER

(pbl § 12-7)

## *§ 1. GENERELT*

### 1.1 Plandokument

Detaljreguleringsplanen er heimla i Plan- og bygningslova (PBL) §12-2, og består av desse føresegnene, planomtale dagsett 22.06.2016, og plankart dagsett 10.05.2017. Illustrasjonsplan datert 07.06.2016 er retningsgjevande for disponering av planområdet

Føresegnene gjeld innanfor ramma av plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter. Etter at denne reguleringsplanen er stadfesta, kan det ikkje inngåast privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.

Bygningsrådet kan etter grunngjeven søknad og når særlege grunnar ligg føre, gjera unntak frå desse føresegnene.

Desse føresegnene skal vere ein del av heimelsdokumentet til kvar einskild hyttetomt (skøyte, festekontrakt) og skal tinglysast saman med dette.

### 1.2 Planområdet

Det regulerte området er vist på plankart med reguleringsgrense. Plankart er i målestokk 1:1000 med ekvidistanse 1 meter for heile planområdet

### 1.3 Føremålet med planen

Føremålet med planen er dele eigedom gnr 19 bnr 111 i to nye tomter, til totalt 3 tomter.
For utfyllande opplysningar visast det til planskildringa, datert 22.06.16.

Området vert regulert til følgande føremål:

**FØREMÅL jf. PBL § 12-5**

BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL 12-5 nr.1)
1120 Fritidsbusetnad
1420 Skiløypetrasé

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 nr. 2)
2800 Kombinerte føremål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastrukturtraseer
2080 Parkering
2010 Veg

GRØNNSTRUKTUR (PBL §12-5 nr. 3)
3030 Turdrag
3040 Friområde

LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL OG REINDRIFT (PBL §12-5 nr. 5)
5200 LNFR areal for spreidde bustad-, fritids eller næringsbygningar m.m

OMSYNSSONER (PBL §12-6)
370 Høgspenningsanlegg
140 Frisikt

## *§ 2. FELLES FØRESEGNER*

### 2.1 Målereglar
For utnyttingsgrad og måling av høgder, areal og volum gjeld Teknisk forskrift (TEK10) og rettleiar H-2300 (Grad av utnytting).

### 2.2 Regulert byggegrense
Som regulert byggegrense gjeld byggegrenser vist i plankart. Utover dette gjeld dei generelle reglane i Pbl (Pbl § 29-4 *Byggverkets plassering, høgde og avstand frå nabogrense*).

2.2.1 Byggegrense til elv i sør er satt til 25 meter, med unntak av eksisterande busetnad i gnr./bnr. 19/507.

2.2.2 Byggegrense til senterlinje for eksisterande Fylkesveg 7 som vist på plankart.

### 2.3 Automatisk freda kulturminne/fornminne
Om det kjem fram gjenstandar eller konstruksjonar i samband med graving, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding slik at det kan gjennomførast gransking på staden, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd

### 2.4 Estetikk og landskapstilpassing
Utforming av nye hytter skal tilpassast landskap og kringliggande bygningstypologi.

Alle inngrep skal utførast mest mogleg skånsamt og med omsyn til terreng og vegetasjon. Bygningar, anlegg og terrengforming skal tilpassast landskapet.

### 2.5 Universell tilgjenge
Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn i utforminga.

### 2.6 Tekniske anlegg
Hytteeigarane pliktar å ta del i fellesordning når det gjeld vassforsyning og kloakkering. Vidare pliktar dei å ta del i naudsynt vedlikehald av fellesanlegga (jf. Disposisjonsplan §9)

## 2.7 Handtering av avfall

2.7.1 Kvar hytteeigar pliktar å ta del i den kommunale renovasjonsordninga som gjeld for Kvamskogen (jf. Disposisjonsplan §4)

## 2.8 Krav til søknad om tiltak

2.8.1 Til søknad om tiltak er det krav om situasjonsplan som syner terrenginngrep, landskapselement, grense for bevart og ubevart terreng/vegetasjon og naturelement.

## 2.9 Rekkefølgjekrav

2.9.1 Før graving, sprenging eller byggjearbeid vert sett i gang skal det liggja føre godkjend byggemelding frå Kvam bygningsråd. Byggemeldinga skal m.a innehalde:

- Byggesøknadsskjema med opplysningar om materialar, fargar, taktekking m.v
- Utsnitt av reguleringsplan som viser kvar tomta ligg
- Plan, snitt og fasadar av hytta i mål 1:50 eller 1:100
- Avlaupsplan som syner avlaupsordninga

## 2.10 Servitutt

Det er ikkje tillate å oppretta private servituttar som er i strid med planen eller planføresegnene.

## *§ 3. EIGARFORM*

### 3.1 Følgande areal skal vere offentlege:

- Annan veggrunn o_SVT
- Annen veggrunn – grønt o_SVG
- Kombinerte føremål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastruktur o_SKF

### 3.2 Følgande areal skal vere felles:

- Parkering f_SPA er felles for eigedom gnr./bnr. 19/699

## *§ 4. FØREMÅL*

### 4.1 BUSETNAD OG ANLEGG (pbl § 12-5 nr.1, SOSI 1001)

4.1.1 Fritidsbusetnad BFR1-BFR4 (SOSI 1120)

Det kan oppførast éin ny fritidsbustad innanfor høvesvis felt T2 og felt T3 jf. illustrasjonsplan, datert 7.6.16.

Hyttene skal byggast i samsvar med reglar for hyttebygging i Kvam kommune. Eventuelle uthus skal ikkje førast opp frittståande, men skal byggast i eitt med hytta.

Maksimal mønehøgde og gesimshøgde over gjennomsnittleg opphaveleg terreng er vist i plankartet. Maksimal BRA for felt BFR1-BFR4 og LS2 er 120m$^2$.

Inngjerding av hyttene er ikkje tillate. Det er heller ikkje tillate å setje opp permanent flaggstong.

Grunneigar står ansvarleg for opparbeiding av parkeringsplassar og veg fram til desse. Tilstrekkeleg tal på parkeringsplassar skal opparbeidast samstundes med at hyttene vert bygde. Det er krav om 2 parkeringsplasser per hytte.

4.1.2 Skiløypetrasé BST (SOSI 1420)

Skiløypetrasé skal vidareførast som dagens situasjon.

## 4.2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl § 12-5 nr. 2, SOSI 2001)

4.2.1 Kombinert føremål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastruktur O_SKF (SOSI 2800)

O_SKF er annan veggrunn kombinert med gang- og sykkelveg. Arealføremålet skal opparbeidast som vist i plankartet.

4.2.2 Parkering f_SPA (SOSI 2080)

f_SPA i plankart kan nyttast til parkering av eigedom gnr./bnr. 19/699.

4.2.3 Veg SV (SOSI 2010)

Køyreveg SV skal opparbeidast i samsvar med plankart. Mindre justeringar er tillate.

## 4.3 GRØNNSTRUKTUR (pbl § 12-5 nr. 3, SOSI 3001)

4.3.1 Turdrag GTD1-GTD3 (SOSI 3030)

Turdrag skal oppretthaldast som vist i plankart.

Turdraga skal sikre ferdsel til fots i planområdet.
Dei skal stå fram som naturlege områder der ein søker å ivareta eksisterande vegetasjon.

Eksisterande stiar kan behaldast som situasjonen i dag, og framtidige stiar kan etablerast som vist i illustrasjonsplan, datert 7.6.16. Breidda på stiane skal ikkje overstige 1 meter, og opparbeidinga skal utførast skånsamt, utan fast dekke.

4.3.2 Friområde GF (SOSI 3040)

GF skal nyttast til ålment friluftsliv.

## 4.4 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (pbl § 12-5 nr. 5, SOSI 5100)

4.4.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytta næringsverksemd.

I felt L er det forbod mot spreidd bustadbygging, spreidd bygging av fritidsbustader og spreidd bygging av ervervsbygningar, jf. pbl § 20-4, første ledd.

4.4.2 LNFR areal for spreidde bustad-, fritids eller næringsbygningar m.v LS1-LS2 (SOSI 5200)

Felt LS2 er eksisterande fritidsbustad. Maksimal mønehøgde og gesimshøgde over gjennomsnittleg opphaveleg terreng er vist i plankartet.

Maksimal BRA for felt L er 120m$^2$.

## 4.5 OMSYNSSONER (pbl § 12-6)

4.5.1 Sikringssone, frisikt H140 (SOSI H140)

I frisiktsona skal det til ein kvar tid vere fri sikt 0,5 m over planet for tilstøytande vegar.

4.5.2 Faresone, Høgspenningsanlegg (SOSI H370)

Innanfor faresona er ingen busetnad eller anlegg for varig opphald tillate utan utgreiing av tiltak for avskjerming.

4.5.3 Støysone, vegstøy
Raud støysone (210)
Raud sone H210_1 i tilknyting til vegstøy frå Fv.7 har støynivå over Lden 65 dB.
I raud støysone er det ikkje lov å etablere bygg som inneheld rom med støyfølsam bruksføremål (stove, soverom) eller uteopphaldsareal tilknytt fritidsbustad.

Gul støysone (220)
Gul sone H220_1 i tilknyting til vegstøy frå Fv.7 har støynivå opp til Lden 65 dB.

Ved bygging i gul støysone gjeld følgjande:
- Fritidsbustader skal etablerast med ei stille side kor vegtrafikkstøy er lågare enn Lden 55 dB
- Uteopphaldsareal skal skjermast slik at vegtrafikkstøy vert lågare enn Lden 55 dB

Ved søknad om tiltak for fritidsbustader i gul støysone skal ein dokumentere med ei støyfaglig utgreiing at tiltaket følgjar støygrensene.

---

## *VEDLEGG*

**A. *JURIDISK BINDENDE***
1. Plankart

**B. *RETNINGSGIVENDE***
1. Illustrasjonsplan

# SITUASJONSKART

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Eigedom: | Gnr: 19 | Bnr: 949 | Fnr: 0 | Snr: 0 |
| | Adresse: | | | |
| Heimelshavar: | HANSEN GUNNSTEIN, STEKERVIKA 6, 5353 STRAUME, med flere | | | |

**KVAM HERAD**

Dato: 13/10-2025 Signatur:

Målestokk 1:1000




**Ein tar atterhald for at det kan vere feil på kartet, m.a. gjeld dette eigedomsgrenser, bygg m.m. som i samband med planlegging/prosjektering/anleggsarbeid må undersøkast nærmare.**

# SITUASJONSKART

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| KVAM HERAD | Eigedom: | Gnr: 19 | Bnr: 949 | Fnr: 0 | Snr: 0 |
| | | Adresse: | | | |
| | Heimelshavar: | HANSEN GUNNSTEIN, STEKERVIKA 6, 5353 STRAUME, med flere | | | |
| | Dato: 13/10-2025 Signatur: | | | | Målestokk 1:1000 |

N




**Ein tar atterhald for at det kan vere feil på kartet, m.a. gjeld dette eigedomsgrenser, bygg m.m. som i samband med planlegging/prosjektering/anleggsarbeid må undersøkast nærmare.**

# SITUASJONSKART

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Eigedom: | Gnr: 19 | Bnr: 949 | Fnr: 0 | Snr: 0 |
| | Adresse: | | | |
| Heimelshavar: | HANSEN GUNNSTEIN, STEKERVIKA 6, 5353 STRAUME, med flere | | | |

**KVAM HERAD**

Dato: 13/10-2025 Signatur:

Målestokk 1:4000



**Ein tar atterhald for at det kan vere feil på kartet, m.a. gjeld dette eigedomsgrenser, bygg m.m. som i samband med planlegging/prosjektering/anleggsarbeid må undersøkast nærmare.**




## TEGNFORKLARING

SOSI ver. 4.5

**AREALFORMÅL** (PBL §12-5)
**BYGNINGAR OG ANLEGG** (PBL §12-5 nr. 1)

- BFR — Fritidsbusetnad (1120)
- BST — Skiløypetrasé (1420)

**SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR** (PBL §12-5 nr. 2)

- SKF — Kombinerte fføremål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastrukturtraseer (2800)
- SPA — Parkering (2080)
- SV — Veg (2010)
- SVT — Annan veggrunn - tekniske anlegg (2018)
- SVG — Annan veggrunn - grøntareal (2019)

**GRØNNSTRUKTUR** (PBL §12-5 nr. 3)

- GTD — Turdrag (3030)
- GF — Friområde (3040)

**LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT** (PBL §12-5 nr. 5)

- L — LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytta næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget til garden
- LS — LNFR areal for spreidde bolig-, fritids eller næringsbygningar m.m (5200)

**SIKRINGS-, STØY- OG FARESONER** (PBL §11-8 a)
**OMSYNSSONER** (PBL §12-6 JF. §11-8)

- Høgspenningsanlegg (370)
- Frisikt (140)
- Annen sikringssone (190)
- Støysone (H210, H220)

**JURIDISKE LINJE- OG PUNKTSYMBOLER**
**(JR. REGULERINGSBESTEMMELSENE)**

- Illustrasjon av planen si begrensning (vist 1m utenfor juridisk plangrense) (RpGrense fell saman med RpFormålgrense)
- Formålsgrense (RpFormålGrense)
- Byggegrense (1211)
- Regulert tomtegrense (1203)
- Frisiktlinje (1222)
- Måle- og avstandslinje (1259)

| | |
|---|---|
| MH + GH | Regulert møne-, og gesimshøgde (RpPåskrift) |
| MH + GH | Regulert møne-, og gesimshøgde (RpPåskrift) |
| BRA | Regulert maksimal BRA |
| REG.EIERFORM | (PBL §12-7 nr. 14) |
| o_ | Offentlig arealformål |
| f_ | Felles arealformål |

**BASISKART**

- Eiendomsgrense
- Eksisterende bebyggelse

Geodetisk grunnlag: UTM32_Euref 89
Geodetisk høydegrunnlag: NN2000
Uttaksdato basiskart: 17.12.15
Ekvidistanse: 1m
Kartmålestokk: 1:1000 ved arkformat A2

0 10m 20m 30m 40m

N

## Reguleringsplan, detaljregulering med tilhørende bestemmelser for:

Kvam herad
gnr. 19, bnr. 11 mfl Kleiva på Kvamskogen

Nasjonal arealplanID 1238_20150008

| Sakshandsaming i samsvar med plan- og bygningslova | Saksnr | Dato | Sign. |
|---|---|---|---|
| Kunngjering oppstart regulering | | 21.12.2015 | OPUS BERGEN AS |
| 1.gongshandsama i NPB-utvalet | 053/16 | 20.09.2016 | TROBRA |
| Offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 04.11.2016 – 16.12.2016 | | | TROBRA |
| 2.gongshandsama i NPB-utvalet | 023/17 | 30.05.2017 | TROBRA |
| **Vedtak i Kvam heradsstyre.** | **029/17** | **13.06.2017** | **TROBRA** |
| Kunngjering av vedtak | | 23.06.2017 | TROBRA |

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova.

Planen er vedteken ……….

Sign.:.........................................................................

**Vatn**

| | |
|---|---|
| Eigedomen er tilknytta | Ikkje tilknytta |
| Har eigedommen vassmålar | NEI |

**Avløp**

| | |
|---|---|
| Eigedomen er tilknytta | Ikkje tilknytta |
| Har eigedomen septiktank | NEI |
| Er det etablert utslepp | NEI |
| Har eigedomen godkjent utslepp | NEI |

**Pålegg**

| | |
|---|---|
| Finst det pålegg om endring av tilknytingsforhold | NEI |

**Veg**

| | |
|---|---|
| Tilkomst til eigedomen | Privat |

Eigedomsskatt ubebygd tomt bustad kr. 455

Kartverket

## Om bestillingen

| Ordrenr | Dato | Referanse |
| --- | --- | --- |
| 00133476 | 12.01.2026 | 61dcb2cf-da11-453f-a374-3ffd7fc99979 |

**Ident**
2019/282214/200

**Om dokumentet**
Dokumentet er tilgjengelig og kan lastes ned i tre måneder fra datoen Altinn-meldingen ble mottatt.

**Har du mottatt feil dokument?**
Hvis du har mottatt et annet dokument enn det du har bestilt, ta kontakt med oss så vi får sendt deg riktig dokument.

**Lurer du på hvorfor opplysninger i dokumentet er blitt sladdet?**
Den som mottar et dokument hvor opplysninger er sladdet, kan innen 3 uker be om en nærmere begrunnelse for sladdingen, jf. offentlighetsloven § 31 andre ledd.
Dersom du ønsker å klage på at opplysninger er sladdet, kan dette påklages i henhold til offentlighetsloven § 32 innen 3 uker fra dokumentet er mottatt. Klagen sendes til Kartverket.

**Er dokumentet feilaktig eller mangelfullt sladdet?**
Før dokumenter sendes ut blir personnummer og taushetsbelagte opplysninger sladdet. Har du mottatt et dokument som er feilaktig eller mangelfullt sladdet ber vi deg ta kontakt med oss.


## Kontakt

Ved andre henvendelser, kontakt Kartverket på

| E-post | Telefon | Besøksadresse | Postadresse |
| --- | --- | --- | --- |
| post@kartverket.no | 32 11 80 00 | Kartverksveien 21, 3511 Hønefoss | Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss |

# Skjøte[1)]

| | |
|---|---|
| Innsenders navn: Advokatfirma Mikkel Mundal AS | Plass for tinglysingsstempel |
| Adresse: Hollendergaten 14 | Doknr: 282214 Tinglyst: 07.03.2019 STATENS KARTVERK |
| Postnr.: 5017 — Poststed: Bergen | |
| (Under-) organisasjonsnr/fødselsnr.: 989 705 245 — Ref.nr.: | |

Opplysningene i feltene **1-6** registreres i grunnboken

**1. Eiendommen(e)**[2)]

| Kommunenr. | Kommunenavn | Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Ideell andel |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1226 | Kvam | 19 | 948 | | | 1/1 |

| | | |
|---|---|---|
| Overdragelsen gjelder bygg på festet grunn | ☑ Nei ☐ Ja | |
| Overdragelsen omfatter transport av festeretten | ☐ Nei ☐ Ja | |
| Godkjenning fra bortfester er nødvendig iht. kapittel 4 eller avtale | ☐ Nei ☐ Ja | |
| Bortfester har godkjent overdragelsen og underskrevet i felt for underskrifter og bekreftelser | ☐ Nei ☐ Ja | |
| Omfatter overdragelsen ideell andel, herunder eierseksjon, skal andelens størrelse oppgis | Størrelse ideell andel: | |
| Eiendommen ligger til en annen eiendom som tilbehør etter avhendingsloven § 3-4 annet ledd bokstav d | ☐ Nei ☐ Ja | |

Beskaffenhet: ☐ 1 Bebygd ☑ 2 Ubebygd

Bruk av grunn: ☐ B Bolig eiendom ☑ F Fritids-eiendom ☐ V Forretning/kontor ☐ I Industri ☐ L Landbruk ☐ K Off. vei ☐ A Annet

Type bolig: ☐ FB Frittligg. enebolig ☐ TB Tomanns-bolig ☐ RK Rekkehus kjede ☐ BL Blokk-leilighet ☑ AN Annet

**2. Kjøpesum**

kr 830 000

Utlyst til salg på det frie marked: ☑ Ja ☐ Nei

Omsetningstype: ☑ 1 Fritt salg ☐ 2 Gave (helt eller delvis) ☐ 3 Ekspro-priasjon ☐ 4 Tvangs-auksjon ☐ 5 Uskifte ☐ 6 Skifte-oppgjør ☐ 7 Opphør av samboerskap ☐ 8 Annet

**Kjøpesummen er oppgjort på avtalt måte**

**3. Salgsverdi/avgiftsgrunnlag**[3)]

kr 830 000

**4. Overdras fra**

| Fødselsnr./Org.nr.[4)] | Navn | Ideell andel |
|---|---|---|
| 030453 [redacted] | Trond Hatlebrekke | 1/2 |
| 231265 [redacted] | Siv Elisabeth Akse | 1/2 |

**5. Til**

| Fødselsnr./Org.nr.[4)] | Navn | Fast bosatt i Norge | Ideell andel |
|---|---|---|---|
| 061268 [redacted] | Stig Haaland | ☑ Ja ☐ Nei | 1/2 |
| 201281 [redacted] | Anna Haaland | ☑ Ja ☐ Nei | 1/2 |
| | | ☐ Ja ☐ Nei | |
| | | ☐ Ja ☐ Nei | |

**6. Særskilte avtaler**

OBS! Her påføres kun opplysninger som skal og kan tinglyses

Gnr. 19, bnr 111 gir gnr. 19, bnr 948 gangveirett over bnr 111 med anvisning av bnr 111 om dette skulle bli aktuelt.

Gnr 19, bnr 948 gir gnr 19, bnr 949 gangveirett over bnr 948 med anvisning av bnr 948.
Gnr 19, bnr 949 godkjenner at det kan legges vann- og avløpsledninger over bnr 949 fram til bnr 948.

Trond Hatlebrekke, fnr. 030453 [redacted] Eier av gnr 19, bnr 949 og gnr 19, bnr 111
Siv E.Akse, fnr. 231265 [redacted] Eier av gnr 19/949 og gnr. 19, bnr 111

| Dato | Utstederens underskrift |
|---|---|
| 19.02.19 | |



Stig Haaland
Fnr. 061268 [redacted]

Anna Haaland
Fnr. 201281 [redacted]

RETT KOPI BEKREFTES
Bergen, 5/3 2019
Advokat Mikkel Mundal

Andre avtaler (som ikke skal tinglyses)

Kjøperne er forpliktet til at Majo Eigedom AS, org.nr 986462929, skal bygge hytten på eiendommen. Det vises ellers til kjøpekontrakt av 19.02.19.

**7. Kjøpers/erververs erklæring ved overdragelse av boligseksjon** [5)]

Jeg/vi erklærer at mitt/vårt erverv av seksjonen ikke strider med bestemmelsen i eierseksjonsloven § 22 tredje ledd.

| Dato | Sted |
|---|---|
| | |

| Kjøpers/erververs underskrift | Gjenta med blokkbokstaver |
|---|---|
| | |

**8. Erklæring om sivilstand mv.** [6)]

**1. Er utsteder(ne) gift eller registrert(e) partner(e)?**

☒ Ja ☐ Nei Hvis ja, må også spørsmål 2 besvares.

**2. Er utstederne gift eller registrerte partnere med hverandre og begge underskriver som utsteder?**

☒ Ja ☐ Nei Hvis nei, må også spørsmål 3 besvares.

**3. Gjelder overdragelsen bolig som utsteder(ne) og dennes/deres ektefelle(r) eller reg partner(e) bruker som felles bolig?**

☐ Ja ☐ Nei Hvis ja, må ektefellen(e)/registrert(e) partner(e) samtykke i overdragelsen.

**9. Underskrifter og bekreftelser**

| Dato | Sted |
|---|---|
| 19.02.19 | Bergen |

| **Utsteders underskrift** [7)] | Gjenta med maskin eller blokkbokstaver |
|---|---|
| [signatur] | Trond Hatlebrekke |
| [signatur] | Siv Elisabeth Akse |

Som ektefelle/registrert partner samtykker jeg i overdragelsen

| Dato | **Ektefelles/registrert partners underskrift** | Gjenta med blokkbokstaver |
|---|---|---|
| | | |

[8)] Jeg/vi bekrefter at underskriver(ne) er over 18 år og har underskrevet eller vedkjent seg sin(e) underskrift(er) på dette dokument i mitt/vårt nærvær. Jeg/vi er myndig(e) og bosatt i Norge.

| 1. Vitnes underskrift | Gjenta med blokkbokstaver |
|---|---|
| [signatur] | Advokat Mikkel Mundal |

Adresse
Hollendergaten 14, 5017 Bergen

| 2. Vitnes underskrift | Gjenta med blokkbokstaver |
|---|---|
| | |

Adresse

| **Bortfesters underskrift** | Gjenta med blokkbokstaver |
|---|---|
| | |

| Dato | Utstederens underskrift |
|---|---|
| 19.02.19 | [signaturer] |

**10. Erklæring om sivilstand mv. for hjemmelshaver** 7)

**1. Er hjemmelshaveren gift eller registrert(e) partnere?**

☐ Ja ☐ Nei Hvis ja, må også spørsmål 2 besvares.

**2. Er hjemmelshaverne gift eller registrerte partnere med hverandre og begge underskriver som hjemmelshavere?**

☐ Ja ☐ Nei Hvis nei, må også spørsmål 3 besvares.

**3. Gjelder overdragelsen bolig som hjemmelshaveren(e) og dennes/deres ektefelle(r) eller reg partner(e) bruker som felles bolig?**

☐ Ja ☐ Nei Hvis ja, må ektefellen(e)/registrert(e) partner(e) samtykke i overdragelsen.

**11. Underskrifter og bekreftelser**

Som eier/fester (hjemmelshaver) samtykker jeg i overdragelsen

| Sted, dato | | |
|---|---|---|
| Fødselsnr./Org.nr. | **Underskrift** | Gjenta med blokkbokstaver |

Som hjemmelshavers ektefelle/registrert partner samtykker jeg i overdragelsen

| Dato | **Ektefelles/registrert partners underskrift** | Gjenta med blokkbokstaver |
|---|---|---|

8) Jeg/vi bekrefter at underskriver(ne) er over 18 år og har underskrevet eller vedkjent seg sin(e) underskrift(er) på dette dokument i mitt/vårt nærvær. Jeg/vi er myndig(e) og bosatt i Norge.

| 1. Vitnes underskrift | Gjenta med blokkbokstaver |
|---|---|
| Adresse | |
| 2. Vitnes underskrift | Gjenta med blokkbokstaver |
| Adresse | |

**Noter:**

1) Skjøtet skal utstedes og innsendes i to eksemplarer hvorav det ene eksemplaret beholdes av Kartverket, det andre mottar innsenderen i retur. Skjøtet sendes Kartverket Tinglysing, 3507 Hønefoss. Dokumentavgiften og tinglysningsgebyret blir innkrevd i ettertid.
2) Dersom eiendommen har underfestenummer (ufnr) kan felt for seksjonsnummer (snr) nyttes.
3) Dokumentavgiften er knyttet til eiendommens salgsverdi. Dersom kjøpesummen tilsvarer salgsverdi, er det tilstrekkelig å fylle ut felt 2 for kjøpesum. Feltet salgsverdi/avgiftsgrunnlag skal fylles ut dersom kjøpesummen er lavere enn avgiftsgrunnlaget, for eksempel ved gavesalg. Fylles begge felt ut skal salgsverdi/avgiftsgrunnlag være likt eller høyere enn kjøpesummen, med unntak av tilfeller der det kreves avgiftsfritak. Ved krav om avgiftsfritak må det vises til fritakshjemmel i dokumentavgiftsregelverket, og nødvendig dokumentasjon må legges ved. Se nærmere veiledning på www.kartverket.no/dokumentavgift.
4) Det er Enhetsregisterets organisasjonsnummer som skal nyttes.
5) Feltet kan sløyfes dersom dokumentet ikke gjelder overdragelse av boligseksjon.
6) Separerte regnes som gifte, og boligen må vanligvis fortsatt regnes som felles. Samboere regnes som ugifte/uregistrerte, og samtykkepåtegningen er vanligvis bare nødvendig dersom begge er hjemmelshavere.
7) Dersom utstederen ikke er hjemmelshaver, må hjemmelshaveren godkjenne overdragelsen ved særskilt påtegning med vitnebekreftelse, og om nødvendig med tilsvarende erklæring om sivilstand eller med ektefellesamtykke.
8) Dersom utstederen/hjemmelshaveren ikke er offentlig myndighet, må utstederens/hjemmelshaverens underskrift bekreftes. Dette kan bl.a. gjøres av to vitner som er myndige og bosatt i Norge, eller av lensmann, lensmannsbetjent, advokat, autorisert advokatfullmektig og autorisert eiendomsmegler. Utstederen, erververen og erververens ektefelle/registrerte partner, foreldre, barn eller søsken kan ikke bekrefte utstederens underskrift.

| Dato | Utstederens underskrift |
|---|---|
| 19.02.19 | [signatures] |

Reguleringsplan

# Fylkesveg 49 Eikedalen - Steinsdalen, Tokagjelet

Føresegner




Planstatus -
**1. gongshandsaming**

Frist for uttale
24.10.2025

SAMNANGER KOMMUNE
AREALPLAN-ID:
4623-202301

SAMNANGER KOMMUNE
AREALPLAN-ID:
4622-20230001

Vestland fylkeskommune

Avdeling for Infrastruktur og veg Dato: 25.02.2025

Kvam herad

Samnanger kommune

Reguleringsføresegner for:

# Fv. 49 Eikedalen - Steinsdalen, Tokagjelet

| | |
|---|---|
| **Plan-ID:** | **Kvam herad: 4622_20230001**<br>**Samnanger kommune: 4623_202301** |

| | |
|---|---|
| **Oppretta dato:** | 25.02.2025 |
| **Revidert dato:** | |
| **Vedteken dato:** | |

Planen har tre vertikalnivå:

1. Under grunnen (tunnel)
2. På grunnen/vatnoverflate
3. Over grunnen (bru)

Plankart 1-3 er i Samnanger kommune og plankart 4-11 er i Kvam herad.

# 1 Hensikta med planen

Dagens fylkesveg gjennom Tokagjelet har ikkje tilfredsstillande tryggleik mot skred og tunnelane har behov for oppgradering da dei ikkje oppfyller krava i tunnelsikkerheitsforskrifta. Skredfaren gjev direkte fare for tap av liv og helse.

Utgangspunktet for prosjektet er å løyse problema med skred- og tunneltryggleik langs fv.49 ved å byggja tunnel forbi Tokagjelet.

På bakgrunn av dette og for å fastsette trase for framtidig fylkesveg 49, vart arbeidet med kommunedelplan for Fv.49 Tunnel forbi Tokagjelet sett i gang, og planen vart vedtatt hausten 2020. Kommunedelplanen dannar grunnlaget for arbeidet med reguleringsplan fv.49 Steinsdalen.

Eit tunnelprosjekt som dette vil medføre betydeleg masseoverskot. Ein stor del av prosjektet vil omfatta korleis ein skal handtera desse massane og om det er mogleg å gjenbruke desse.

# 2 Fellesføresegner for heile planområdet

## 2.1 Generelt

**Byggegrenser**
Der byggegrenser ikkje er vist på plankartet, gjeld veglovar sine føresegner om byggegrenser mot veg. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, inkludert bygg som inngår i samferdselsanlegget, kan etablerast innanfor byggegrense.

**Avvik i areal for formål samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**
Endring innanfor formål regulert til samferdsel og teknisk infrastruktur kan skje som følgje av uføresette forhold. Dette medfører at grensa mellom formålsgrenser og liner kan avvike frå det som ligg i plankartet.

**Kulturminne.** Dersom det under anleggsarbeid eller anna verksemd i planperioden vert oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast straks og regional kulturmynde skal varslast, sjå lov om kulturminne §8, 2.ledd.

## 2.2 Landskap

**Landskapsbehandling og terrengtilpassing**
Planlagt veganlegg og masselagringsområdeområder skal utførast slik at det vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og naturgjevne og bygde omgjevnader.

**Formingsrettleiar**
Det skal utarbeidast ein formingsrettleiar som skal gje føringar for estetisk utforming og landskapstilpassing av veganlegget og områder for masselager med tilhøyrande terrenghandsaming, konstruksjonar (murar, tunnelportal og liknande) og tekniske installasjonar. Arkitektonisk kvalitet og heilskap samt tilpassing til kulturlandskapet skal leggjast vekt på i prosjektet. Formingsrettleiaren skal utarbeidast tidleg i prosjekteringa og skal utførast av fagperson.

**Landskapsplan/O-teikningar**
Det skal utarbeidast landskapsplan/O-teikningar for tiltaket som del av prosjekteringa. Arbeidet skal utførast av fagperson. Landskapsplan/O-teikningar skal vera eit førande dokument for oppbygging og ferdigstilling av planområdet, og skal inngå som ein del av kontrakt med utførande entreprenør.

**Eksisterande vegetasjon** skal takast vare på i størst mogleg grad.

**Natursteinsmurar**
Murar skal byggast i naturstein i størst mogleg grad.

**Reetablering av sideareal**
Alle sideareal skal ryddast, stellast og om naudsynt tilføres jord, tilsåast og tilplantast. Arbeidet skal utførast etter kvart som dei vert ferdigstilt undervegs i anleggsfasen.

## 2.3 Infrastruktur

**Kablar og kommunaltekniske anlegg.** Slike anlegg kan leggast innanfor formål i planen der det er tenleg.

**Dimensjonering av anlegg for flaum, overvatn, drensvatn, spillvatn.** Bekkelukkingar, bekkeomleggingar, bekkegjennomføringar, innløpskonstruksjonar og stikkrenner skal dimensjonerast iht. krav i handbok N200.

**Eksisterande vatn- og avlaupsanlegg, samt landbruksdrenering** som kan ventast å bli rørt av tiltaket, skal kartleggast før anleggsstart. Ved behov for omlegging av vatn- og avlaupsleidningar, skal midlertidige løysingar vera sikra.

## 2.4 Matjord

a) All fulldyrka og overflatedyrka jord som vert permanent eller mellombels beslaglagt av tiltaka i planen, skal nyttast andre stader eller tilbakeførast til same stad og til jordbruksproduksjon.
b) A-sjikt (matjordlaget) og B-sjikt skal mellomlagrast i ranker, kvar for seg, langs veg linjer, og langs masselagringsområda, med maksimal høgde på 2,5 meter. Sjikta skal leggast tilbake med same sjiktvise oppbygning.
c) Det skal setjast i verk tiltak for å hindre at ugras og framande skadelege artar veks i rankene/jordhaugane (jf. Kap 2.6 Framande skadelege artar).
d) Reetablert dyrka mark og dyrka mark som vert råka av tiltaka under anleggsfasen, skal etter ferdig etablert situasjon ha minst like god dreneringstilstand som før anleggsstart.
e) Matjorda må være fri for karanteneskadegjerande før den vert blanda med anna matjord.
f) Eventuell overskotsmassar av matjord skal nyttast til matproduksjon på oppfyllingsområder for ny dyrka jord eller forbetring av dyrka eller dyrkbar jord.
g) I kap. 6 er det fastsett rekkefølgjekrav knytt til utarbeiding av matjordplan.

## 2.5 Anleggsgjennomføring

**Ytre miljø (YM)-plan** skal utarbeidast i samband med byggeplanen. Tiltakshavar skal sørge for at relevante tiltak som er omtala i planen, vert innarbeidd i kontrakt med entreprenør for utbygginga. Entreprisespesifikk YM-plan skal utarbeidast for å sikre at miljøkrav fastsett i lover, forskrifter, relevante retningslinjer og spesifikke krav frå byggherre blir ivareteke i prosjekteringsfasen og bygge- og anleggsperioden. Plandokumenta inkludert føreliggjande føresegner skal vere styrande ved utarbeiding av YM-planen.

I anleggsperioden skal det vere ein fagperson innan ytre miljø og naturmangfald tilgjengeleg for å bistå med miljøoppfølging og gjennomføring av tiltak, i tråd med YM-planen.

**Massehandteringsplan**
Det skal utarbeidast ein massehandteringsplan i tråd med mellom anna ressurspyramiden gjeve i plandokumentrapport "Område for masselagring". Planen skal skildre dei ulike typane av massar og korleis dei skal handterast. Han skal vise den planlagde plasseringa (både førebels og permanent) av dei ulike typane og voluma. For kvar lokalitet for massedisponering innanfor tiltaksområdet må faren for forureining, behovet for tiltak og behovet for løyve etter Forureiningslova §11 vurderast. Følgjande massar skal bli omtala (ikkje ei uttømmande liste), med opplysningar om volum og kvar og korleis dei skal slutthandterast:

- Tunnelsprengstein (der det skal spesifiserast botnrenskmassar og eventuell sprengstein som har potensiale for å vere syredannande).
- Lausmassar (der det skal spesifiserast myrmassar, matjord og eventuell jord med forureining eller innhald av framande, uønskte planteartar).

Det skal leggjast vekt på å minimere miljøbelastninga ved å ha så korte transportavstandar som mogleg, og dermed også redusere belastninga på det offentlege vegnettet.

**Rigg- og marksikringsplan**
Det skal utarbeidast ein rigg- og marksikringsplan som gjev føringar for gjennomføring av anleggsarbeidet. Rigg- og marksikringsplanen skal utarbeidast mellom anna i tråd med massehandteringsplanen, og gi føringar for følgjande forhold:

a) Sikring av kulturmiljø og naturverdiar /-mangfald og område og ferdselsårer for friluftsliv som ligg tett på anleggsgrensa. Det skal nyttast markeringsband /sikringsgjerde.
b) Midlertidige berørte naturområde skal revegeterast etter prinsipp om naturleg revegetering. Det skal utarbeidast ein revegeteringsplan.
c) Det skal gjerast minst mogleg skade på naturtypar i myr i prosjektområdet.
d) Nytta den anleggsmetoden som gjer minst skade på myra ved bygging av bru over myrområde i Eikedalen.
e) Unngå mekanisk slitasje av myr.
f) Unngå punktering og drenering av myr i myrareal som skal masseutskiftast.
g) Etablering av masselokalitet Teigen skal ikkje påverke myrområda si vasstilførsel frå bekken i området. Dette inneber å leie vatn frå fjellområda i aust gjennom/rundt masselagringsområdeet og ut i myrområda tilnærma lik dagens situasjon. Det skal leiast vatn tilbake til eksisterande bekkeløp som renn inn og gjennom myra.
h) I alle område der det skal masseutskiftast myr eller gjerast andre tiltak som kan påverke vasshushaldet i myra, skal det gjennomførast avbøtande tiltak for å førebyggje drenering. Dette kan til dømes vere å leggje inn tette massar mellom potensielle dreneringspunkt og myra.
i) Inngrep i viktige naturtypar og funksjonsområde for artar som ikkje skal påverkast av tiltaket skal unngåast. Dette gjeld naturtypane Skeie, Gjerdesgjelet nedre, Skeie sør, og funksjonsområde for rødsildre. Dette gjeld òg resterande delar av naturtypar som delvis vert påverka av tiltaket, som naturtypane Eikedalsvatnet nord og Teigen aust.

## 2.6 Naturmangfald

**Kantvegetasjon**
Langs <u>**nye**</u> bekkeløp med årsikker vassføring skal det tilretteleggast for ny kantvegetasjon. Breiddene vegeterast etter følgande reglar:

- Nytt bekkeløp: 6 meter bredde på kvar side av bekkeløpet
- Nytt bekkeløp som grenser til dyrkamark: 3 meter bredde på kvar side av bekkeløpet.
- Nytt elveløp: 12 meter bredder på kvar side av elveløpet
- Nytt elveløp som grenser til dyrkamark: 6 meter bredde på kvar side av elveløpet.

Der kor det ikkje er mogleg å etablere kantvegetasjon etter reglane nemnt ovanfor grunna plassmangel frå til dømes hus, fritidsbustadar eller liknande, kan det gjerast unntak.
Der kor kantvegetasjonen kunn vert midlertidig øydelagt, skal det leggast til rette for naturlig revegetering på same område, slik at vegetasjonen på sikt blir lik dagens situasjon.

**Framande skadelege artar**

Det må gjennomførast ei nærare kartlegging av framande artar, for å identifisere betre kvar desse kan påtreffast og i kva omfang, før anleggsarbeida kan starte. Basert på kartlegginga skal det utarbeidast ein eigen tiltaksplan for framande artar, for heile prosjektet, før byggestart for å hindre spreiing av framande artar. Denne skal innehalde ein risikovurdering av funna og videre skal det foreslåast tiltak for å minimere risiko for spreiing av framande artar i prosjektet. Førekomstar som skal takast omsyn til og handterast skal innmålast og leggast inn i maskinstyring til anleggsarbeidar.

Framande skadelege artar som prosjektet kjem i kontakt med innanfor tiltaksområdet skal handterast i tråd med gjeldande lovverk for framande artar (jf. Naturmangfaldlovas kapittel IV. Framande organismar, § 28 (krav til aktsemd)), og tiltaksplan.

**Anadrom fisk**
Plan for ivaretaking av anadrom fisk i anleggsperioden skal utarbeidast og godkjennast av rette mynde. Dette gjeld vassdraga i Steinsdalen.

## 2.7 Forureining

**Støy**

a) Grenseverdiar i *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021* tabell 2 skal leggast til grunn for gjennomføring av planen, med omsyn til tiltak mot luftoverført støy frå ny eller utbetra veg.
b) Støyskjermingstiltaka langs veg skal opparbeidast som vist i Støyrapport for FV 49 Eikedalen – Steinsdalen, Tokagjelet, eller tilsvarande. Støyskjermingstiltaka er omtala innanfor føremål og føresegnområde.
c) Bustader og fritidsbustader som får støynivå over grenseverdi i T-1442/2021 tabell 2 ved fasade eller på uteareal skal greiast ut for lokale tiltak.

   Spesielt for bygg i Eikedalen:
   - Bygg som får 1,0 dB auke eller mindre blir berre utgreidd om dei ligg i raud støysone.
   - Bygg som får ei auke på 1-3 dB (auke mellom 1,0 og 3,0 dB) og ligg i raud støysone blir utgreidd uavhengig av byggjeår.
   - Bygg som får ei auke på 1-3 dB (auke mellom 1,0 og 3,0 dB) og ligg i gul støysone blir utgreidd om dei er bygd før 2005.
   - Alle bygg som får ei auke i støynivå på 3 dB eller meir (dvs. 3,0 dB auke eller meir) blir utgreidd uavhengig av byggjeår.

d) Bustader som blir utgreidd for lokale tiltak skal sikrast eit lydnivå i oppholds- og soverom lik eller under grenseverdi gitt i NS8175:2012 lydklasse C. Mindre avvik kan tillatast dersom bygningstekniske eller antikvariske omsyn avgrensar moglegheiter for tiltak.
e) Bustader og fritidsbustader som blir utgreidd for lokale tiltak skal sikrast støynivå Lden 55 dB eller lågare på minst ein uteplass For bustader kan det etablerast utestove (innglassing med tak), dersom dette er nødvendig for å oppnå støygrensa på uteplassen. Det blir ikkje opparbeidd ny uteplass for bustader og fritidsbustader som ikkje har uteplass i dag.

   Spesielt for fritidsbustader i Eikedalen:
   - Det blir ikkje tilbydt utestove. Dersom støygrensa ikkje vert nådd på uteplass skal ein søke å finne skjermingsløysingar som reduserer støynivået minst 5 dB. Overskridingar på grenseverdi vert tillate.

f) Før anleggsstart skal det være utarbeidd støyprognosar og plan for avbøtande tiltak for bygge- og anleggsfasen i tråd med T1442/2021 med rettleiar M-2061. Planen skal haldast oppdatert gjennom anleggsperioden.

## 2.8 Vassmiljø

**Vassovervakingsprogram**
Det skal utarbeidast eit vassovervakingsprogram som inneheld forundersøkingar, undersøkingar i anleggsperioden og etterundersøkingar. Overvakingsprogrammet skal minimum innehalde det som alt er skildra i 07_konsekvensutgreiing for vassmiljø, Fv.49 Eikedalen-Steinsdalen kap. 10.

**Reinsing av vegvatn**
Overvatn frå ny Fv.49 skal reinsast før utslepp til resipient. Det skal brukas reinsetrinn 1 etter handbok N200.

**Nitrogenreinsing**
Det skal gjennomførast kontinuerleg måling av nitrogen i Steinsdalselva i anleggsperioden jf. vassovervakingsprogrammet. Dersom konsentrasjonen av nitrogen overstig moderat økologisk tilstand (475 µl) over lange periodar, eller at undersøkingar av botndyr/fisk gir mistanke om skadelege nivå av nitrogen, skal det iverksettast reinsetiltak av nitrogenhaldig overvann frå masselagringsområde ved Øvre Byrkjeland.

**Sedimentasjonsbasseng**
Det skal i samband med alle masselagringsområde byggjast sedimentasjonsbasseng som er dimensjonert for å sedimentere ut suspenderte jord- og steinpartiklar frå masselagringsområdea. Vatn frå bassenga skal sleppast ut i nærliggjande resipient. Det skal gravast avskjerande grøfter rundt masselagringsområda, som samlar opp overvatn og leier dette til bassenga. Reint vatn frå omkringliggjande bekkar og avrenning frå terreng skal ikkje blandast med ureint overvann frå masselagringsområda før utslepp til resipient. Det vil gjerast ved å etablere avskjerende grøfter ovanfor og som leiast rundt masselagringsområdea, og/eller leggje til røyr gjennom masselagringsområda.

**Syredannande bergartar**
Det må gjennomførast ei nærare kartlegging av sulfidhaldig bergartar for å identifisere betre kvar desse kan påtreffast og eventuelt nyttast i utbyggingsprosjektet, i kva omfang og syrepotensial, før anleggsarbeida kan starte. Undersøkingar skal mellom anna omfatte supplerande prøvetaking og analyser, jf. plandokumentet «Notat om vurdering av syredannande potensial, datert 08.12.2023». Prøvene skal analyserast i samsvar med Veileder M310/2015 Identifisering og karakterisering av syredannende bergarter

Dersom syredannande bergartar blir påviste, skal det utarbeidast ein tiltaksplan for foruréina grunn for å førebygge forsuring av matjord og forureining av vassmiljøet. Eventuell tiltaksplan skal utarbeidast i samsvar med Retningslinjer for tiltak i områder med syredannende gneis (2021) og Veileder M-2105 Håndtering av potensielt syredannende svartskifer, og skal godkjennast av forureiningsmynde før bygginga startar. Planen må også omhandlast i entreprenørens massehandteringsplan og bli beskriven

i utsleppssøknaden etter forureiningslova. Eventuelle syredannande bergartar som ikkje kan disponerast på aktuelle masselokalitetar, eller andre stader i prosjektet, eller bli ein del av ny matjord, skal leverast til godkjent mottak, med løyve etter forureiningslova, for aktuelle massar.

**Utsleppsrør for tunneldrivevatn og vaskevatn**
Utsleppsrør for tunneldrivevatn skal i Eikedalen leggast på land mellom kantvegetasjon til Teigaelva og tilgrensande myrområde og ut i Eikedalsvatnet. Det tillatast ikkje bruk av maskinelt utstyr når ein skal legge ut røret på land. Dette for at ein ikkje skal gjere skade på myr og/eller kantvegetasjon i området. I Steinsdalen skal tunnelvaskevatn leggast i rør frå tunnelreinseanlegg og direkte ut i Steinsdalselva, og skal ikkje sleppast ut i ein mindre resipient før utslepp til elva.

**Bekkeomleggingar**
Alle nye bekkeløp som blir bygde i samband med prosjektet skal utformast på ein naturleg måte, med buktingar, varierande breidde på bekkebotn, djupne og vasshastigheit. Bekkeløpa skal også byggjast med naturleg botnsubstrat, som kan leggast på toppen av erosjonssikringa. Det skal leggast ut gytegrus i samband med kulpar/egna plassar. Nye bekkeløp skal ha tett botn, slik at vatn held seg i bekkeløpet og ikkje forsvinn ned i steinfylling og liknande. Ved bygging av nye bekkeløp tillatast det ikkje å skape fullstendige eller delvise vandringsbarrierar for fisk. Der kor nye bekkeløp grensar mot myr, skal sideterrenget langs bekkane byggast med tette massar slik at bekkeløpet ikkje fungerer som ein drensgrøft for myra og påverkar vasshushaldinga negativt.

**Sprengstoff**
Dersom det ved byggestart finst alternative former for sprengstoff enn konvensjonelt ammoniumnitrat, skal det utgreiiast om alternativ sprengstoff kan nyttast i tunneldriving. Dette som eit tiltak mot avrenningsproblem knytt til nitrogen.

**Kulvertar**
Nye kulvertar skal ikkje medføre helt eller delvis vandringshinder for fisk.

**Partikkelavrenning frå anleggsområde**
Entreprenør skal ha særleg fokus på å minimere unødig avrenning av partikkelholdig vatn i anleggsperioden og skal til ein kvar tid kunne iversetje tiltak som minimerer avrenning hjå partiklar.

**Tennarar**
I samband med tunneldriving skal det nyttast elektroniske tennarar eller andre og betre alternativ som reduserer plastmengda i sprengsteinen frå sprenginga.

**Bru over Teigaelva**
Brupilararar for ny bru over Teigaelva skal byggast utanfor elvas flaumsone for 10 årsflaum.

# 3 Føresegner for arealformål

**Bygningar og anlegg**
- Bygningar og anlegg (BA)
- Renovasjonsanlegg (RA)

**Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**
- Køyreveg (KV)
- Gang-/sykkelveg (GS)
- Gangveg/gangareal/gågate (GG)
- Anna veggrunn – tekniske anlegg (AVT)
- Anna veggrunn – grøntareal (AVG)
- Kollektivanlegg (KA)
- Kollektivhaldeplass (KH)
- Parkering (P)
- Sikringsanlegg (SIA)

**Blågrøn struktur**
- Blågrøn struktur (BG)
- Turveg (TV)

**Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift**
- LNRF areal (LNFR)
- Friluftsformål (FL)
- Spreidde bustader (LSB)
- LNFR formål kombinert med andre angjevne hovudformål (LAA)

**Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone**
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)

**Omsynssoner:**
- Frisiktsone (H140)
- Andre sikringssoner (H190)
- Rød sone T-1442 (H210)
- Gul sone T-1442 (H220)
- Skred- og rasfare (H310)
- Flaumfare (320)
- Høgspentanlegg (inkl. høgspentkablar (H370)
- Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

**Føresegnsområde:**
- Stiar
- Bekkeomlegging
- Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg
- Krav om nærare undersøkelsar, overvaking og klargjering av verknader
- Mellombels anleggsområde

## 3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

### 3.1.1 Fellesføresegner for bygningar og anlegg
Nye bygningar skal vise god terrengtilpassing og godt samspel med omkringliggande busetnad i uttrykk, materialbruk og volum.

### 3.1.2 Bygningar og anlegg (BA)
Innanfor områda BA skal arealformål og føresegner i gjeldande kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan gjelda. BA inngår kun i planen som underliggande formål til midlertidig bygge- og anleggsområde.

### 3.1.3 Renovasjonsanlegg (RA1)
Innanfor området kan det etablerast anlegg for renovasjon.

### 3.1.4 Andre bygningar og anlegg (ABA)

Innanfor felt o_ABA100 kan det etablerast vatn- og avlaupsanlegg.
Innanfor felt o_ABA101 kan det etablerast høgdebasseng. Høgdebasseng for tunnelvatn skal ligge på 425 moh eller høgare.

## 3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

### 3.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Området omfattar areal til køyreveg, avkøyrsler, gangveg/gangareal, anna veggrunn teknisk anlegg og grøntareal, kollektivhaldeplassar, havarilomme, bruer, portalar, forstøtningsmurar, tekniske bygg, parkeringsplassar, sikringsanlegg, rekkverk m.m. Områda kan nyttast til anleggsverksemd som riggområde, midlertidig lagring av masser og material mm innanfor rammer som går fram av denne planen og der det er trygt i høve ras og skred. Det er tillat å gjerde inn anleggsområda. Anleggsområda skal setjast i stand seinast to år etter at ny veg er tatt i bruk.

### 3.2.2 Køyreveg (KV)

Formålet gjeld køyreveg. Køyreveg er delt inn i offentleg, felles og anna eigarform (privat). Lista over brukarar til felles og privat veg er ikkje uttømmande, og andre brukarar kan få rettigheiter til vegane ved behov.

#### 3.2.2.1 Køyreveg, offentleg (o_KV)

Områda offentleg veg merka o_ omfattar areal til offentleg køyreveg (vertikalnivå 1, 2 og 3). Nye vegar eller utbetring av eksisterande veg skal opparbeidast i samsvar med plan- og profilteikningar.

o_KV9 er tilkomst til sikringsanlegg innanfor o_SIA1 og tilkomst til bustader som har veg eller bruksrett til denne vegen.

o_KV101 er tilkomst og parkeringsplass for reinseanlegg innanfor felt ABA100.

#### 3.2.2.2 Køyreveg, annan eigarform (KV)

KV3 er tilkomst til eigedomen gnr. 34 bnr. 94.
KV4 er tilkomst til eigedomen gnr./bnr: 34/148.
KV7 er tilkomst til eigedomane gnr./bnr: 34/41.
KV8 er tilkomst til eigedomen gnr. 34 bnr. 134.
KV19 er tilkomst til eigedomen gnr. 34 bnr. 286.
KV303 er tilkomst til eigedomen gnr. 19 bnr. 21
KV305 er landbrukstilkomst til eigedomen gnr. 19 bnr. 16.
KV307 er tilkomst til eigedomen gnr. 20 bnr. 1
KV309 er tilkomst til eigedomen gnr. 21 bnr. 1
KV313 er tilkomst til eigedomen gnr. 16 bnr. 1
KV315 er tilkomst til eigedomen gnr. 16 bnr. 4
KV316 og 317 er tilkomst til eigedomen gnr. 15 bnr. 3
KV319 er tilkomst til eigedomen gnr. 16 bnr. 1

#### 3.2.2.3 Køyreveg, felles (f_KV)

f_KV5 og 6 er felles køyreveg for bustader og fritidsbustader i Eikedalen hyttetun, gnr. 34 bnr. 115, 135, 136, 177 og landbrukstilkomst til eigedomen gnr. 34 bnr. 3. Eksisterande avkøyrsler frå Samnangervegen til desse eigedomane skal stengast når avkøyrsel KV6 vert opparbeidd.

f_KV10-12, 14-16, 302, 310, 311, 318 er felles køyreveg for dei som har godkjent veg- og bruksrett til desse vegane.

f_KV18 er felles køyreveg for eigedomar med godkjent veg eller bruksrett til vegen.

f_KV104 er tilkomst til høgdebasseng innafor ABA101 og til eigedomar markert med avkøyrselspil i plankart. Og til dei som har veg-eller bruksrett til vegen Teigen.

f_KV109 er felles avkøyrsel til felles parkeringsplass f_P101 og 102.

f_KV301 er felles tilkomst til eigedomen gnr. 19 bnr. 12 og landbrukstilkomst til gnr. 19 bnr. 16 og gnr. 20 bnr. 1.

f_KV308 er felles landbrukstilkomst til eigedomane gnr. 20 bnr. 1 og gnr. 21 bnr. 1.

f_KV312 er felles tilkomst til parkeringsplass P301 og landbrukstilkomst til eigedomar som har veg- eller bruksrett til denne vegen.

### 3.2.3 Gang-/sykkelveg (GS)

GS1 – Vegen skal nyttast som gang- og sykkelveg. Det er tillate med køyring fram til eigedomane som har godkjent vegrett.

GS3 - Vegen skal nyttast som gang- og sykkelveg. Det er tillate med køyring fram til eigedomane.

### 3.2.4 Gangveg/gangareal/gågate (GG)

Vegen skal nyttast som gangveg.

### 3.2.5 Anna veggrunn – tekniske anlegg (AVT)

Formålet er delt inn i offentleg, felles og anna eigarform.
Området kan omfatte mellom anna grøfter, skjeringar, fyllingar og anna sideterreng. Innanfor annan veggrunn grøntareal er det tillat å etablere grøfter, skjerings- og fyllingsskråningar, stabiliserande tiltak, grøntareal, kulvertar, trapp, støyskjermingstiltak, sikringsgjerde/-tiltak, støttemurar, sedimentasjonsbasseng, tekniske installasjonar, konstruksjonar for bru, tunnelportalar, digital infrastruktur og andre innretningar og andre tiltak for bygging og drift av samferdselsanlegget.
Det er ikkje løyve til å gjera inngrep i desse areala som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

#### 3.2.5.1 Anna veggrunn – tekniske anlegg, offentleg (o_AVT)
Område o_AVT 100 og o_AVG 108 sikrar areal til å sette opp murar knytt til veganlegget og tunnel med portal og tilhøyrande anlegg. Murane, inkludert mur rundt tunnelportal, innanfor områda skal setjast opp av naturstein med høg kvalitet i samsvar med formingsrettleiar og landskapsplanar.

Tunnelportalar skal ha ein enkel, jamn og dempa utforming. Portalane skal integrerast i tilliggjande konstruksjonar på ein heilskapleg, arealeffektiv og harmonisk måte.

Området o_AVT 101 og o_AVT 301 sikrar areal til å sette opp teknisk bygg /radiobygg for tunnelen. Det tekniske bygget er i ein etasje. Bygget skal plasserast i direkte tilknyting til vegen mest mogleg integrert i terrenget.

### 3.2.6 Annan veggrunn – grøntareal (AVG)
Formålet er delt inn i offentleg, felles og anna eigarform.
Området kan omfatte mellom anna grøfter, skjeringar, fyllingar og anna sideterreng. Innanfor annan veggrunn grøntareal er det tillat å etablere grøfter, skjerings- og fyllingsskråningar, stabiliserande tiltak, grøntareal, kulvertar, trapp, støyskjermingstiltak, sikringsgjerde/-tiltak, støttemurar, sedimentasjonsbasseng, tekniske installasjonar, konstruksjonar for bru, tunnelportalar, digital infrastruktur og andre innretningar og andre tiltak for bygging og drift av samferdselsanlegget.

#### 3.2.6.1 Annan veggrunn – grøntareal, offentleg (o_AVG)
Det er ikkje løyve til å gjera inngrep i desse areala som skadar eller endrar det offentlege vegarealet. Innanfor o_AVG32 og AVG37 skal det etablerast avskjerande grøfter ovanfor ny fjellskjering.

Innanfor felt o_AVG41 kan det etablerast masselager 11-Eikedalen. Terrengforminga skal utformast med ei målsetting om å bidra til reduksjon av støynivå ved bygg med støyfølsam bruk (jf. #115). Innanfor område er det tillate å heve terrenget opp til 399 moh i samsvar med landskapsplanen, teikning O-141. Masselagringsområde skal etablerast i samsvar med landskapsplan, jfr. punkt 3.4 LNFR. Endring i terreng som fylgje av masselagringsområde og nytt/omlagt bekkeløp, skal vurderast av geoteknisk fagkyndig i høve til stabilitet og erosjonsfare. Det skal utarbeidast ein fyllingsprosedyre før arbeidet tar til, jfr. punkt 3.4.1.

Område o_AVG 300 sikrar areal til å sette opp murar knytt til veganlegget og tunnel med portal og tilhøyrande anlegg. Murane, inkludert mur rundt tunnelportal, innanfor områda skal setjast opp av naturstein med høg kvalitet i samsvar med formingsrettleiar og landskapsplanar.

Tunnelportalar skal ha ein enkel, jamn og dempa utforming. Portalane skal integrerast i tilliggjande konstruksjonar på ein heilskapleg, arealeffektiv og harmonisk måte.

#### 3.2.6.2 Anna veggrunn – grøntareal, felles (f_AVG)
Anna veggrunn – grøntareal er felles veggrunn som sikrar etablering av felles veg. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, mindre murar, grøfter og liknande.

#### 3.2.6.3 Annan veggrunn – grøntareal, anna eigarform (AVG)
Anna veggrunn – grøntareal, anna eigarform, er privat veggrunn som sikrar etablering av privat veg. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, mindre murar, grøfter og liknande.

### 3.2.7 Kollektivanlegg (KA)
Områda skal nyttast til kollektivanlegg. Innanfor området kan det først opp buss-skur.

### 3.2.8 Kollektivhaldeplass (KH)
Område o_KH1 skal nyttast til kollektivhaldeplass.

### 3.2.9 Parkering (P)

#### 3.2.9.1 Parkeringsplassar, felles (f_P)
f_P1 er felles parkeringsplass for eigedomane gnr./bnr: 34/85, 34/197, 34/97, 34/133, 34/139, 34/119, 34/139, 34/138.

f_P2 er felles parkeringsplass for Eikedalen hyttegrend. Det er høve til å legge til rette for el-billading på desse parkeringsplassane.

f_P100 er felles parkeringsplass for gnr. 18 bnr. 2, 25, 13, 14, 20, 21, 23.

f_P102 er felles parkeringsplass for Kvamskogen Vel. Det er høve til å etablere garasjar som erstatning for garasjar på gnr. 19 bnr. 29, 81, 157, 669.

#### 3.2.9.2 Parkeringsplassar, annan eigarform (P)
P300 er parkeringsplass for eigedomen gnr. 21 bnr. 20.
P301 er parkeringsplass for eigedomane gnr. 21 bnr. 18 og 670.

### 3.2.10 Sikringsanlegg, offentleg (o_SIA)
Innanfor o_SIA1 skal det setjast opp ein konstruksjon som skal fungere som skredsikringstiltak med magasin i bakkant. Konstruksjonen skal ha ein grøn voll som vert synleg mot veganlegget og ein mur i bakkant mot magasinet. Sikringsanlegget skal utformast i samsvar med rapport 'FV49 Steinsdalen – Eikedalen, Geologisk rapport dagsone' Vestland fylkeskommune. 2024. Tilgang til sikringstiltaket er via o_KV9.

## 3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

### 3.3.1 Blå/grønstruktur (BG)
I område GB skal terreng og vegetasjonsdekke takast vare på og det skal leggjast til rette for kantvegetasjon mot vassdrag. Det er ikkje tillate med midlertidige eller nye permanente tiltak innanfor områda merka med BG, med unntak av område merka av med føresegnsområde der det mellom anna kan gjennomførast bekkeomlegging og midlertidige tiltaks i samband med anleggsfasen.

Det blir nytt bekkeløp i o_BG102 og o_AVG102.

#### 3.3.2 Turveg (TV)
Det er høve til å opparbeide enkle gangstiar/turvegar i planområdet. Turvegen kan opparbeidast som vist i plankart. Turvegtrase kan nyttast som anleggsveg i byggefasen og skal tilbakeførast til turveg når utbygging er avslutta. Etter ferdigattest på hyttene som soknar til vegen kan ikkje turvegen nyttast til køyreveg for bil.

### 3.4 Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

#### 3.4.1 Fellesføresegner for landbruks-, natur- og friluftsområde og reindriftsområde

Innanfor arealformålet er det tillate å etablere nødvendige tiltak for landbruks- og gardstilknytta næring basert på gardens ressursgrunnlag.

Fjellreinsk og bergsikring som del av bygging og drift av samferdselsanlegget tillatast. Sideareal til driftsvegar/landbruksveier og bekker tillatast etablert innanfor arealformålet.

Innenfor arealformålet kan det gjennomføres nødvendige vann- og flomhåndteringstiltak for å bedre sikkerheten mot flom og erosjon.

#### 3.4.2 Spreidd bustadbygging (LSB)
For bustadhus i LNF-område er maksimal utnyttingsgrad er 30 % BYA. Bygg i tilknyting til landbruksdrift reknast ikkje med i BYA. Største gesimshøgde, målt frå gjennomsnittleg opphavleg terreng er 6 meter. Største mønehøgde, målt frå gjennomsnittleg opphavleg terreng er 9 meter.

#### 3.4.3 LNFR føremål kombinert med andre angjevne hovudføremål (LAA)
Arealformålet omfattar landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift kombinert med bygningar og anlegg.

Områda kan nyttast til permanent masselager for reine overskotsmassar frå samferdselsanlegget, her og sprengstein.

Ved ferdigstilling av samferdselsanlegget skal areal innanfor LAA områda, som vert nytta til permanent masselager, arronderast og tilpassast omkringliggande naturleg terreng og formasjonar. Areal som ikkje vert reetablert med matjord skal reetablerast med stadlege massar.

Ved gjenoppbygging av fulldyrka jord skal a-sjikt (matjordsjiktet) ha ein djupne på minimum 20 cm og b-sjikt ha ein djupne på minimum 30 cm etter at massane har satt seg, der ikkje anna er bestemt. Over fyllingsmassar skal det etablerast eit sjikt av massar som hindrar jord i å trenge seg ned mellom fyllingsmassane slik at jorddjupna for a- og b-sjikt ikkje vert redusert.

Innanfor områda satt av til masselagringsområde kan det etablerast steinknuseverk for massar.

Masselagringsområdet skal etablerast i samsvar med landskapsplan/O-tegning. Endring i terreng som fylgje av masselagringsområdet og nytt/omlagt bekkeløp, skal vurderast av geoteknisk fagkyndig i høve til stabilitet og erosjonsfare.

#### 3.4.4 Områder for masselagring LAA100 (Masselager 15 – Teigen)
Innanfor område for masselager felt LAA100 er det tillate å heve terrenget opp til 430 moh i samsvar med landskapsplanen, teikning O-142. Område skal etablerast med eit fulldyrka areal på minimum 9,5 daa som har helling på 1:5 eller slakare. Ved oppbygging av jord skal A sjikt ha ei djupne på minimum 0,5 meter, B sjikt skal ha ei djupne på minimum 0,5 m og helst 0,8 m.

#### 3.4.5 Områder for masselagring LAA101 (Masselager 13 – Kleiva)
Innanfor område for masselager felt LAA101 er det tillate å heve terrenget opp til 448 moh, på kollen mot vest, i samsvar med landskapsplanen, teikning O-143 og O-143-1. P-plass ligger på ca. kote 445. Område skal etablerast med eit fulldyrka areal på 12 daa, med helling på 1:5 eller slakare.

LAA101. Skiløype som går igjennom området skal haldast open gjennom anleggsperioden. Skiløypa kan leggast om.

Tilkomst til sedimentasjonsanlegg etter anleggsarbeid er avslutta.

#### 3.4.6 Områder for masselagring LAA300 (Masselager 03 – Steine aust)
- Innanfor område for masselager felt LAA300 er det tillate å heve terrenget opp til 17 moh, i samsvar med landskapsplanen, teikning O-352. Skal nyttast som landbruksareal. Område skal etablerast med eit fulldyrka areal på minimum 31 daa, som har helling på 1:8 eller slakare. Ved oppbygging av jord skal A sjikt ha ei djupne på minimum 0,5 meter, B sjikt skal ha ei djupne på minimum 0,5 m og helst 0,8 m.

#### 3.4.7 Områder for masselagring LAA301 (Masselager 01 – Øvre Byrkjeland)
Innanfor område for masselager felt LAA301 er det tillate å heve terrenget opp til 78 moh, i samsvar med landskapsplanen, teikning O-351 og O-351-1. Skal nyttast som landbruksareal, og helning 1:5 og delvis 1:4,5 skal sikre samanhengande landbruksdrift frå nedre til øvre terrengnivå. Område skal etablerast med eit fulldyrka areal på minimum 66 daa. Ved oppbygging av jord skal A sjikt ha ei djupne på minimum 0,5 meter, B sjikt skal ha ei djupne på minimum 0,5 m og helst 0,8 m.

For Øvre Byrkjeland skal det gjerast nærare undersøkingar av forureiningssituasjonen i allereie utfylte massar i massetipp, gjennom at Statsforvaltaren i Vestland vert kontakta. Dersom Statsforvaltaren registrerer avvik eller gjev pålegg om nærare undersøkingar av lokaliteten, må disse bli gjennomført og lukka før prosjektet kan bruke denne masselokaliteten. Nærare undersøkingar må kunne svare ut fylgjande spørsmål:

- Har det vore tatt imot og tippa forureina masser på lokaliteten?

- Har det vore tatt imot og tippa avfall, eller massar med avfall, og i så fall i samsvar med løyvet?
- Har det vore tatt imot massar med svært høgt vassinnhald?
- Har det vore tatt imot massar frå fleire ulike aktørar og prosjekt over lang tid, og i så fall kva for?
- Vert massetippen drive med løyve etter forureiningslova, eller er dette ikkje påkrevd?

Generelt, ved påvising av forureina grunn i inngrepsområda i prosjektet, skal tiltakshavar be kommunane om delegering av myndigheit til Statsforvaltaren, slik at prosjektet held seg til berre ein forureiningsmynde.

## 3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

### 3.5.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)

a) Arealformålet skal nyttast til natur- og friluftsområde i vassdrag. Det skal ikkje plasserast brufundament eller andre installasjonar frå samferdselsanlegget innanfor arealformålet.
b) Det tillatast utslepp av tunneldrivevatn i Eikedalsvatnet innanfor felt BSV100.
c) Det tillatast utslepp av tunnelvaskevatn Skeiselva/Steindalselva innanfor BSV301 og 302.
d) Det tillatast etablering av erosjonssikring i og ved vassdrag.
e) Det tillatast midlertidig fjerning av kantvegetasjon langs vassdrag.

# 4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

## 4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

### 4.1.1 Frisiktsone (H140)
I området mellom frisiktlina og køyrebanekant skal det vere fri sikt minst ned til 0.5 meter over nivået til dei tilgrensande vegane. Vegeigar kan krevje sikthindrande element fjerna

### 4.1.2 Andre sikringssoner (H190)
Omsynssone H190 omfattar områder med mindre enn 60 m overdekning over og til side for bergtunnel. I områda er det ikkje tillate med tiltak som kan skade underliggande tunnel, som sprenging, peleramming, hullboring i og mot fjell, brønnboring eller fundamentering for påføring av tilleggslaster mot fjell, utan spesielt løyve frå tunneleigar, Vestland fylkeskommune. Forbodet gjeld også tiltak som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova sin bygningsdel.

### 4.1.3 Støysone, H210 og H220
For omsynssone H210 , gul støysone, og H220, raud støysone, skal til ei kvar tid gjeldande statleg retningsline for handsaming av støy i arealplanlegginga gjelde for all ny utbygging av støyfølsam bruk.

### 4.1.4 Faresone ras- og skredfare (H310)
Innanfor faresone H310 skal det gjennomførast naudsynte sikringstiltak for å få skredsannsynlegheita ned på akseptabelt nivå iht. sikkerhetskrav for skredsannsynlighet for veg.

Det er ikkje tillate med tiltak innanfor desse områda utan dokumentasjon på at tilfredsstillande tryggleik mot ras/skred er ivareteke og at tiltaket ikkje medfører auka skredfare for tredjepart. Dette gjeld også tiltak som ikkje er omfatta av plan- og bygningslova. Farekartlegging skal gjennomførast av fagkyndige.

### 4.1.5 Faresone flaum (H320)
Innanfor omsynssone H320 skal nye mellombelse og permanente tiltak etablerast med naudsynt tryggleik mot flaum, jfr. TEK17 kap. 7. Naudsynt tryggleik skal vurderast av fagkyndig og dokumenterast gjennom flaum- og vasslinjeberekningar eller tilsvarande. Nytt terreng/konstruksjonar skal ikkje auke flaumfaren nedstrøms eller oppstraums tiltaket. Tilstrekkeleg erosjonssikring skal om naudsynt etablerast.

Fyllingsprosedyren skal ta omsyn til eventuelle stabilitetsutfordringar som vert avdekka. Nytt bekkeløp må modellerast og eventuelt behov for erosjonssikring må dimensjonerast og utformast i høve til framgangsmåte i NVEs Sikringshåndbok. Kartlegging av flaumfare (flaum- og vannlinjeberekning) skal utførast før anleggsstart. Tilstrekkeleg tryggleik mot flaum skal dokumenterast av fagkyndig i samsvar med punkt 4.4 Faresone flaum (H320), òg den delen som ligg utanfor omsynssone H320. Flaumfare skal ikkje auke for allmenne eller private interesser som fylgje av tiltaka, og nye stikkrenner under anleggsveg skal prosjekterast slik at dei naturlege dreneringslinene i området vert oppretthaldne, og flaumfaren ikkje aukar som følgje av endra feltgrenser.

### 4.1.6 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkablar) (H370)
Sikringssone H370 gjeld sikring under og rundt høgspentliner. Tiltak i desse områda skal godkjennast av netteigar. Det kan gjennomførast naudsynt fjerning av vegetasjon innanfor sikringssona.

## 4.2 Bandlagde område eller bandlegging i påvente av vedtak (§ 11-8 d) (sone H730)
Omsynssone H730 omfattar automatisk freda kulturminne som er bandlagde etter kulturminnelova. Innanfor omsynssona er det ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, dele opp eller øydelegge kulturminna, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8. Eventuelle tiltak innanfor området må på førehand avklarast med kulturminnemyndigheit, jf. kulturminnelova § 8.

| Omsynssone/Bandleggingssone | Lokalitet (id.nr) | Type og vernestatus |
|---|---|---|
| H730_300 | 325213 | Dyrkingsspor yngre jernalder |
| H730_301 | 325243 | Busetting-aktivitetsområde jernalder |

# 5 Føresegner til føresegnsområde

## 5.1 Føresegnsområde Sti (område #1-5 og #100)
Føresegnsområdet #Sti skal sikre offentleg tilkomst til rekreasjonsområde og tilkomst til fritidsbustader. Områda kan tilretteleggast som sti. Det er ikkje høve til å etablere vegar.

## 5.2 Føresegner til føresegnsområde Tiltak i vassdrag (område #10-14, 110-112, 310-315)

For utdjuping av føresegnene under, så visast det til rapport for hydrologi.

#21–#36 Det skal etablerast erosjonssikring ved utløp av kulvertar.

#10–#14 Etablering av nytt bekkeløp. Sjå generelle krav til utforming i kap. 2 og rapport for hydrologi.

#110–#112 Det skal etablerast nye bekkeløp ved masselager ved Teigen og Kleiva. Sjå generelle krav til utforming i kap. 2 og rapport for hydrologi.

#301 Aust for nytt elveløp i Skeiselva skal det etablerast ein flaumvoll. Minste høgder er vist i rapport for hydrologi.

#310–#315 Det skal etablerast nye bekkeløp vest for Skeiselva og på topp av masselager ved Øvre Byrkjeland. Sjå generelle krav til utforming i kap. 2 og rapport for hydrologi.

## 5.3 Føresegnsområde - Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg (område #115 og #300)

Innanfor #115 skal terreng utformast med ei målsetting om å bidra til reduksjon av støynivå ved bygg med støyfølsam bruk.

Innanfor #300 skal det etablerast støyskjermingstiltak i form av murer, skjermar eller vollar, i tråd med løysing skissert i støyrapport. For vollar gjeld topp voll skal plasserast innanfor føresegnsområdet.

## 5.4 Føresegnområde - Krav om nærare undersøkelsar, overvaking og klargjering av verknader – Kulturminne som vert søkt frigjeve gjennom dispensasjon (område #305-#307)

Innanfor føresegnsområde #305 - #307 i plankartet er det påvist automatisk freda kulturminne i form av busetjings- og aktivitetsområde frå bronsealder og jernalder. Kulturminna som er i konflikt med planen må søkast frigjeve, og er avhengig av dispensasjon frå kulturminnelova (KML) § 8, 1. ledd, før anleggsstart.

| Føresegnsområde | Lokalitet (id nr.) | Type og vernestatus |
|---|---|---|
| **#305** | 325229 | Busetting-aktivitetsområde bronsealder/jernalder |
| **#306** | 325205 | Busetting-aktivitetsområde jernalder |
| **#307** | 325225 | Busetting |

## 5.5 Føresegnområde Mellombels bygge- og anleggsområde, (område #20-37,# 120 – 123, #320-#324)

Innanfor mellombels bygge- og anleggsområde kan det gjennomførast naudsynte inngrep og anleggsarbeid for bygging av veganlegget. Dette gjeld også lagring av massar, brakkerigg og lager, samt tilkomst for veganlegget. Mellombels bygge- og anleggsområde skal tilbakeførast til opprinneleg tilstand eller tilsvarande seinast innan to år etter at ny veg er tatt i bruk.

Dersom tung anleggstrafikk skal foregå på matjord, skal a-sjikt og b-sjikt skavast av og rankes før anleggstrafikk kan igangsetjast.

#322 Det skal i anleggsfasen etablerast ein mellombels flaumvoll rundt masselager ved Steine for å sikre at flaumvatn i Steinsdalselva kan vaske ut massar i masselageret på Steine. Høgder er vist i rapport for hydrologi.

# 6 Rekkjefølgjeføresegner

I prosjekteringa skal det utarbeidast:

- Søknad om utsleppsløyve
- Vassovervakingsprogram
- Tiltaksplan mot forureina grunn

Før anleggsarbeidet tek til, skal det føreligge:

- Byggjeplan
- Faseplan og formingsrettleiar (jf. kap. 2.2)
- Rigg- og marksikringsplan med revegeteringsplan (jf. kap. 2.5)
- Matjordplan (jr. kap. 2.4)
- Ytre miljø-(YM) -plan (jf. kap. 2.5)
- Massehandteringsplan (jf. kap. 2.5)
- Tiltaksplan fremmande artar (jf. kap. 2.6)
- Plan for ivaretaking av anadrom fisk (jf. kap. 2.6)
- Støyprognosar og plan for avbøtande tiltak mot støy (jf. kap. 2.7)
- Godkjenning (fra forureiningsmynde) av tiltaksplan (er) forurenset grunn
- Utsleppsløyve

Seinast 2 år etter veganlegget vert tatt i bruk skal gjennomgåande turveg mellom Kvamskogen og Steinsdalen være ferdig bygd.

Drikkevasskjelder skal kartfestast før anleggsstart. Det må vurderast kva vasskjelde som må erstattast og /eller sikrast. Ingen skal miste vatn eller få forringa vasskvalitet i løpet av anleggsperioden. Det må ligge føre vassprøver før anleggsstart. Før anleggsstart skal det takast tilstrekkeleg tal prøver over tid der den prøva som gir best resultat legg føringar for kvaliteten etter avslutta anleggsdrift. Vasskvaliteten skal ikkje forringast som følgje av utbygginga.

Kartverket

## Om bestillingen

| Ordrenr | Dato | Referanse |
|---|---|---|
| 00133475 | 12.01.2026 | 61dcb2cf-da11-453f-a374-3ffd7fc99979 |

**Ident**
2014/6348/200

**Om dokumentet**
Dokumentet er tilgjengelig og kan lastes ned i tre måneder fra datoen Altinn-meldingen ble mottatt.

**Har du mottatt feil dokument?**
Hvis du har mottatt et annet dokument enn det du har bestilt, ta kontakt med oss så vi får sendt deg riktig dokument.

**Lurer du på hvorfor opplysninger i dokumentet er blitt sladdet?**
Den som mottar et dokument hvor opplysninger er sladdet, kan innen 3 uker be om en nærmere begrunnelse for sladdingen, jf. offentlighetsloven § 31 andre ledd.
Dersom du ønsker å klage på at opplysninger er sladdet, kan dette påklages i henhold til offentlighetsloven § 32 innen 3 uker fra dokumentet er mottatt. Klagen sendes til Kartverket.

**Er dokumentet feilaktig eller mangelfullt sladdet?**
Før dokumenter sendes ut blir personnummer og taushetsbelagte opplysninger sladdet. Har du mottatt et dokument som er feilaktig eller mangelfullt sladdet ber vi deg ta kontakt med oss.

## Kontakt

Ved andre henvendelser, kontakt Kartverket på

| E-post | Telefon | Besøksadresse | Postadresse |
|---|---|---|---|
